

«Den kraft som strålte frå Moskva»

Noregs kommunistiske parti 1923-25.

Mari Gisnås

Masteroppgåve i historie

Institutt for arkeologi, konservering og historie (IAKH)

Universitetet i Oslo (UiO)

Vår 2020



Forord

Det å skrive ei masteroppgåve har vore ein krevjande og lærerik prosess. Denne tida har jo på mange måtar også vore annleis. Heldigvis har fleire hjelpt meg på vegen. Først og fremst vil eg takke min dyktige rettleiar Ellen Cathrine Lund, som har gitt nøye og retningsgivande tilbakemeldingar. Eg vil også takke personalet på ARBARK, og då særleg Ole Martin Rønning, som var ei god hjelp i den tidlege fasen av oppgåva. Takk til medstudentar på Blindern gjennom fem lange år, som i ettertid kjennes ganske korte. Eg vil også rette ein takk til mine gode vener og min kjære familie. Ein ekstra takk til pappa for gjennomlesing av denne oppgåva, samt mange andre oppgåver før.

Til slutt vil eg takke min bauta Torjus. Ingen har lytta meir til mi vekslande tru til studia og min av og til vaklande motivasjon. Det store høgdepunktet for 2020 er ikkje å levere masteroppgåve, men å gifte meg med deg.

Oslo, juni 2020.

Mari Gisnås.

Samandrag

Denne framstillinga tek føre seg Noregs kommunistiske parti (NKP) og relasjonen deira til Komintern 1923-25. NKP vart stifta i 1923 då fleirtalet i Det norske Arbeidarparti ikkje lenger ville oppretthalde sitt medlemskap i Komintern. Mindretalet gjekk ut av partiet og heldt fast på medlemskapet. Namnet på partiet gav tydelege signal: partiet skulle vere kommunistisk. Målet til NKP og kravet for medlemskap i Komintern, var å følgje Den kommunistiske Internasjonale i eitt og alt. Studien undersøkjer om det var slik i praksis.

Tidlegare forsking har antyda at nokre sjølvstendige val vart gjort uavhengig av Komintern i denne perioden. Med utgangspunkt i nytt kjeldemateriale frå Det russiske statsarkivet for sosial og politisk historie i Moskva (RGASPI) går studien inn i dette for å sjå om desse kjeldene falsifiserer eller verifiserer tidlegare forsking. Studien undersøkjer kor sjølvstendig NKP faktisk var, og i kva grad ein finn trekk frå eit totalitært parti i NKP i etableringsfasen. Sidan NKP vart danna for å halde på medlemskapet i Komintern, burde ein forvente at NKP følgde direktiva derifrå og dermed også hadde trekk frå ein totalitær ideologi, i likskap med kommunismen. Mi hypotese er at tidlegare forsking har lagt for stor vekt på å løfte fram sjølvstendige trekk ved NKP i denne fasen og underkommunisert partiet si faktiske og ideologiske tilknyting til Komintern. Men dersom partiet faktisk gjorde nokre sjølvstendige val: er det likevel riktig å kalle dette ei sjølvstendefase når partiet var medlem av Komintern og formidla ein kommunistisk ideologi ut i det norske samfunnet?

Studien tek føre seg hendingane jernstreiken, stortingsvalet og landsmøtet, som alle er hendingar som synleggjer NKP sin relasjon til Komintern. Gjennom analysen kjem eg fram til at tidlegare forsking ikkje kan forkastast, tvert i mot. Samanlikna med seinare fasar er det rimeleg å kalle dette ei sjølvstendefase. Likevel er NKP medlem av Komintern og stiller seg til dei. I analysen viser eg at NKP kommuniserer ut i offentlegeheita si sterke tilknyting til Komintern. Studien fremjar altså NKP sin tette relasjon til Komintern, ein organisasjon gjennomsyra av totalitære idear. Likevel nyttar NKP demokratiske metodar ved å gjennomføre avstemmingar. Dei skil seg frå det diktatoriske prinsippet for medlemskap i Komintern, ved at dei vurderer kva dei skal gjennomføre av direktiv. Samstundes held partiet på ein retorikk der dei formidlar til Komintern at dei kjemper den kommunistiske kamp i Komintern si ånd. Studien konkluderer med at det var ein diskrepans mellom NKP sin intensjon og den praktiske politikken. Ideologisk stod NKP nærmere Komintern, men i praksis handla partiet innanfor dei parlamentariske rammene. Dette stadfester at ei form for sjølvstende gjekk føre seg i etableringsfasen til Noregs kommunistiske parti.

Innhaldsliste

Forord

Samandrag

Innhaldsliste

Forkortingar

Innleiing

Tema og problemstilling i studien

Tidlegare forsking

Teoretisk utgangspunkt

Metode, primærkjelder og kjeldekritikk

Kapittel 1: NKP blir til

1.1. Det nyetablerte partiet

1.2. Underordninga blir utfordra

1.3. Ideformidlarar i partiet

Kapittel 2: Jernstreiken

2.1. Komintern «grip inn»

2.2. Ei demokratisk tilpassing?

2.3. Komintern som den reddande instans?

Kapittel 3: Stortingsvalet i 1924

3.1. Einingsfronten

3.2. Trøbbel i *Noregs kommunistblad*

3.3. Internasjonalen sigrar?

Kapittel 4: Landsmøtet i 1925

4.1. Pressa sitt sjølvstendige liv?

4.2. Bedriftcellene: «Hver fabrikk, en festning for vårt parti»

4.3. «Eit passivt parti med indre stridigheter»

Konklusjon

Epilog

Kjelder og litteraturliste

Forkortinger

DNA: Det norske Arbeidarparti

EKKI: Den Kommunistiske Internasjonalens Eksekutivkomité

Komintern: Den kommunistiske Internasjonale

NKP: Noregs kommunistiske parti

NSA: Noregs Socialdemokratiske Arbeidarparti

RGASPI: Det russiske statsarkiv for sosial og politisk historie i Moskva

Tema og problemstilling i studien

I vår tid anno 2020 er polarisering eit kjenneteikn i tida. Med parti som går mot ytre høgre og ytre venstre og nye parti som dukkar opp i politikken, er det mange som fryktar ulike ytterleggåande politiske rørsler. I lys av samtida kan ein trekkje nokre parallellar og likskapstrekk med mellomkrigstida, der utfordrarane mot demokratiet kom først frå venstre, deretter frå høgre. Den russiske revolusjon skapte på eine sida stor interesse og merksemd blant politiske arbeidarrørsler. På den andre sida spreidde kommunistfrykta seg ute i Europa og i USA. Denne frykta fekk også gjennomslag i Noreg. Det skremmande med dei nye politiske rørslene var mellom anna at dei stod i motsetnad til demokratiet og den frie marknadsøkonomien som hadde byrja å blitt viktig for Noreg.

Polariseringa mellom høgre og venstre skaut verkeleg fart då Det norske Arbeidarparti i 1919 vart medlem i den internasjonale kommunistrørsla, mest kjent under akronymet Komintern. Dette var ei samanslutning av kommunistiske og sosialistiske parti stifta etter initiativ frå det russiske kommunistpartiet. Komintern var ein del av den nytenkjande politiske rørsla som kan kallast den leninistiske kommunismen. I Russland, seinare Sovjetunionen, kom kommunistpartiet til makta og etablerte sitt regime, eit regime som raskt utvikla seg til eit diktatur. Komintern vart styrt av denne revolusjonære rørsla som skulle forkaste det beståande samfunn og meinte dei hadde funne oppskrifta på det fullkomne samfunn.¹ I ettertid har mykje forsking studert desse politiske systema i mellomkrigstida, og den leninistiske kommunismen har blitt satt under merkelappen: eit totalitært regime.

For å kunne vere medlem i Komintern blei det stilt krav om at dei nasjonale medlemseksjonane skulle følgje politikken Moskva dikterte. Denne politikken skapte splid og konflikt innetter DNA. Dei såkalla Moskvatesene var krava som først skapte usemje og dette gjorde at ei fløy av partiet braut ut og danna Noregs Socialdemokratiske Arbeidarparti i 1921. På eit ekstraordinært landsmøte i 1923 gjekk DNA ut av Komintern.² Ei fløy i partiet, som utgjorde eit mindretal, ønskte å oppretthalde medlemskapet i Komintern. Dei danna eit nytt parti og vart namngitt Noregs kommunistiske parti (NKP). Dermed var Arbeidarpartiet blitt til tre parti som skulle ivareta arbeidarane sine interesser.

I ei tid der samfunnet var prega av ei frykt for ytre venstre, blir altså det norske kommunistiske partiet danna, og gjennom heile mellomkrigstida vart NKP oppfatta som ein

¹ Sørensen, *Drømmen om det fullkomne samfunn*.

² Egge, *Komintern og krisen i Det norske Arbeiderparti*.

potensiell trussel mot det norske beståande politiske system. Grunnen til det var openbart målet til NKP. Målet deira og kravet for medlemskap i Komintern var jo å følgje den kommunistiske internasjonale rørsla, styrt frå Moskva i eitt og alt. Var det slik i praksis?

Etter tradisjonell måte å dele Komintern si historie opp på blir 1920-talet fordelt i tre periodar, ofte kalla: sjølvstendefasen (1923-24), bolsjeviseringsfasen (1925-27) og ultravenstrefasen (1928-30). I min studie vil eg sjå på tida frå etableringa i 1923 og fram til landsmøtet 1925. Eg studerer altså den første fasen og stiller spørsmål til kor sjølvstendig den var, samstundes som eg trekk studien min litt inn i den andre fasen. Tidlegare forsking har kome fram til at NKP hadde ei temmeleg stor grad av sjølvstende til å byrje med, og at partiet ikkje kan seies å ha hatt ei totalitær linje dei første åra. Nye kjelder har no blitt gjort tilgjengeleg sidan denne forskinga vart gjennomført. Eg hadde av den grunn lyst til å undersøkje om desse kjeldene ville gje andre svar. Den overordna problemstillinga i denne undersøkinga er: I kva grad finn ein trekk frå eit totalitært parti i NKP i etableringsfasen?

Det eg vil undersøkje er Noregs kommunistiske parti og relasjonen deira til det internasjonale Komintern i 1923-25, for å vurdere i kva grad dei følgde opp direktiva og dermed kan seiast å ha vore eit parti prega av ein totalitær ideologi og praksis. Det er skrive ein del om NKP i Noreg, men det er ingen som har studert relasjonen mellom Komintern og NKP spesifikt i etableringsfasen med utgangspunkt i desse nye kjeldene. Mi undersøking har til hensikt å finne ut om dei nye kjeldene verifiserer eller falsifiserer tidlegare forsking.

For å undersøkje Komintern og vurdere kor sjølvstendig NKP var, vil eg undersøkje på kva måtar NKP følgjer Komintern sine direktiv og sin kommunistiske politikk og på kva måtar og område dei ikkje gjer dette. NKP skulle i prinsippet vere underordna Komintern: Spørsmålet er om NKP faktisk underordna seg eller om NKP følgde alle direktiva som Komintern gav. Må tidlegare forsking og den tradisjonelle periodiseringen justerast eller nyanserast no som nye kjelder har blitt tilgjengeleg?

Eg vil undersøkje problemstillinga på to måtar. På den eine sida vil eg studere kva som skjedde på innsida i partiet ved å sjå på protokollar, resolusjonar og beretningar frå sentralstyret, politiske byrå og landsmøte. Gjennom desse vil ein få tilgang til kva direktiv partiet fekk frå Komintern og korleis partiet si leiing responderte på dette. På den andre sida vil eg sjå på kva som vart sendt ut i offentlegheita av NKP. Dette vil eg undersøkje gjennom å studere *Noregs kommunistblad* og sjå på pamflettar skrive av sentrale personar i NKP. Samspelet mellom kva som skjedde innad i partiet og kva som var sendt ut i offentlegheita er også interessant å undersøkje. Hadde partiet same linje inne i partiet som i det dei sendte ut?

Tidlegare forsking

Det sentrale problemområdet i denne oppgåva er altså forholdet mellom NKP som eit nasjonalt kommunistparti og Komintern som leiaren for den kommunistiske rørsla. Eg vil forholde meg til to retningar innanfor Kominternforskning. Det som skil retningane er at forskarane er ueinige kring graden av autonomi som eksisterte for dei ulike nasjonale partia.³ Den tradisjonelle retninga framhevar at Komintern kravde at medlemene skulle følgje instruksjonar frå Moskva. I dette synet ser ein kommunistpartia som underlagt Sovjetunionens politikk og fastsetjingar. Kommunistpartia kunne i liten grad påverke Komintern og hadde liten grad av sjølvbestemming.⁴ Innanfor den tradisjonelle retninga var altså Komintern til for den sovjetiske utanrikspolitikken.⁵ Denne forståinga fokuserer på Komintern som eit sterkt sentralisert og rigid system, som hadde krav til dei nasjonale partia om vilkårslaus underkasting.⁶

Nyare forsking – og den andre retninga – seier på ingen måte at det ikkje var sovjetisk dominans i Komintern, men fokuserer heller på korleis dei nasjonale partia eller seksjonane svarte og reagerte på krava frå Komintern. Korleis dei tilpassa krava til sin eigen politikk, er eit fokus i denne nye retninga. Med andre ord fokuserer den nye retninga på kva grad av sjølvstende som fantest i dei nasjonale partia. Desse utfordrarane til den tradisjonelle retninga har kome på bana, særleg etter at Komintern sine arkiv vart opna i byrjinga av 1990-talet. Det nye kjeldetilfanget har gjort at ein har modifisert synet på i kor stor grad dei nasjonale kommunistpartia var underordna Komintern. Ein finn ved desse kjeldene tilgang til fleire usemjer innanfor organisasjonen. Derfor vert det tradisjonelle ovanfrå-ned synet kritisert. I følgje denne retninga fantes det eit viss handlingsrom for dei nasjonale kommunistpartia til å styra si eiga utvikling.

Innanfor den tradisjonelle retninga finn ein periodiseringar av Komintern si historie på 1920-talet, som eg har skissert tidlegare. Denne måten å dele inn på er klart dominert av eit Moskva-sentrisk syn. Her er fokuset ovanfrå og ned, ved at ein fokuserer på dei politiske avgjerdene tekne på høgaste nivå, som utgangspunkt for ei periodisering. Denne måten å gjere ei periodisering på har vore mykje kritisert av revisionistane innanfor den nye retninga for å vere generaliserande og ikkje ta omsyn til nasjonale forhold. Tradisjonalistane får

³ Rønning, *NKP, Komintern og forsøkene på å etablere et «Labour Party» i Norge årene 1925-26*, 9.

⁴ McDermott og Agnew, *The Comintern. A History of International Communism from Lenin to Stalin*.

⁵ Mathisen, *Kvinnepolitikk og kvinnearbeid i Norges kommunistiske parti (NKP) 1923-1930*, 7.

⁶ Rønning, *NKP, Komintern og forsøkene på å etablere et «Labour Party» i Norge årene 1925-26*.

tydeleg fram politikkføringa til Komintern, men har derimot ikkje fått med dei kommunistiske partia sine omsyn til nasjonale forhold.

I den nye retninga innanfor Kominternforsking kjem også alternative periodiseringar på Komintern si historie. Jürgen Rojahn kritiserer den tradisjonelle periodiseringa for å vere ei inndeling som berre tek utgangspunkt i Komintern og ikkje medlemseksjonane. Han ser på same tid periodiseringar som viktig ved at dei kan: «(...) making crucial changes visible».⁷ Ei periodisering av Komintern si historie vil ha ei form for pedagogisk effekt, då periodiseringa gjer det lettare å setje fokus på kva særtrekk kvar periode hadde.⁸ Ein kan med andre ord vere kritisk til om periodiseringen frå den tradisjonelle retninga er god nok for å karakterisere ulike periodar i NKP si historie. I denne samanheng vil eg støtte meg på nyare Kominternforsking der alternative forsök på periodisering har blitt gjort. Dette mellom anna av Aleksander Vatling og Jürgen Rojahn.⁹

Denne studien vil ta utgangspunkt i den revisionistiske retninga og forståinga av relasjonen og interaksjonen mellom Komintern og NKP. Eg vil altså ved hjelp av nye kjelder undersøkje om ei sjølvstendefase gjekk føre seg i Noreg, men også om revisionistane har tatt for hardt i når det gjeld denne nasjonale tilpassinga. Kan tradisjonalistane ha hatt noko rett?

Det er likevel i norsk samanheng ikkje laga ei alternativ periodisering kring relasjonen mellom NKP og Komintern. I min studie vil eg derfor ta utgangspunkt i tida frå det ekstraordinære landsmøte i 1923 og fram til landsmøtet til NKP i 1925. Eg vil altså i tråd med revisionistane og nyare Kominternforsking ta utgangspunkt i ei anna mogleg periodisering enn den tradisjonelle, og vil mot slutten av studia vurdere ei ny periodisering. For å gjere dette må eg vurdere sjølvstendigheita ved følgjande spørsmål: I kva grad var NKP sjølvstendig? Var denne sjølvstenda så sterkt at vi kan snakke om ein fase? Og dersom ein kan det, var denne sjølvstendefasen eventuelt kortare eller lengre en forskarane innanfor den tradisjonelle retninga antok?

Min studie skriv seg også inn i ei rekke av andre norske studiar ved at det sentrale er forholdet og samspelet mellom Komintern og NKP. Tidlegare forsking har fokusert på NKP sitt handlingsrom og kor mykje makt Komintern hadde over NKP. Av forsking på NKP i

⁷ Rojahn, *A Matter of Perspective: Some Remarks on the Periodization of the History of the Communist International*, i M. Narinsky og J. Rojahn, *Centre and Periphery: The History of Comintern in the Light of New Documents*, 1996, 35.

⁸ Mathiesen, *Kvinnepolitikk og kvinnearbeid i Norges kommunistiske parti (NKP) 1923-1930*, 3.

⁹ Petersson, *Historiographical Trends and the Comintern – The Communist International (Comintern) and How it has been Interpreted*, 8-207.

denne perioden, skil den historiefaglege studien til Einart Lorenz frå 1983 seg ut både i djupne og breidde. «Det er ingen sak å få partiet lite», er eit utdjupande bidrag som gir innsikt i NKP si historie i tidsrommet 1923-1931. Lorenz fokuserer på å gi oversikt over åtte år av NKP si historie, men gir samstundes ei næranalyse av relasjonen mellom Komintern og NKP også i den tidlegaste fasen. Lorenz bruker ei stor mengd kjelder som til dømes protokollar frå NKPs politiske byrå, sekretariat, sentralstyre og partikonferansar, men har sjølv sagt skrive denne utan å ha sett dei nye kjeldene som først vart tilgjengeleg etter Den kalde krigen. Då opna RGASPI, som er Det russiske statsarkivet for sosial og politisk historie i Moskva. Her kan ein finne protokollar og mykje anna viktig dokumentasjon frå NKP i tida 1923-40. I perioden som NKP var medlem av Komintern, sendte dei dette materialet til Moskva.¹⁰ Lorenz har altså gjort studiar på same tema tidlegare, men har løfta denne sjølvstenda meir implisitt fram. Han har kome fram til ein viss grad av sjølvstende på ulike område og funna hans vil bli løfta fram i dei ulike kapitla. I min studie vil eg gå djupare inn i ei avgrensa periode og sjå forskinga opp mot dei nye kjeldene som Lorenz ikkje hadde tilgjengeleg. Eg vil altså vurdere om dei nye kjeldene kan gje nokre nye perspektiv. Det er lenge sidan Lorenz sine studiar vart gjort. Derfor kan det vere verdt å sjå på denne perioden og dette temaet med nye øye.

Det finst også ein del forsking som studerer NKP si historie med utgangspunkt i relasjonen med Komintern seinare på 1920-talet. Desse nyttar også dei nye kjeldene frå RGASPI. Ole Martin Rønning har studert tida 1925-27 med fokus på Labour Party-konseptet og korleis dette eksisterte som eit mogleg samlingsalternativ. Rønning konkluderer med at NKP i forholdet til Komintern var aktiv i utarbeidinga av Labour Party modellen. I tida kring hausten 1925 var det ein open diskusjon, der Kominternleiinga hadde det avgjerande ordet. Utover våren 1926 hadde Komintern sine representantar ei meir autoritær rolle og resolusjonane vart utforma utan deltaking frå den norske delegasjonen. Med andre ord kjem Rønning fram til at NKP får ei stadig mindre sjølvstendig rolle under utarbeidinga av Labour Party-parolen. Likevel kjem han fram til at ein viss påverknad eksisterte samstundes som Komintern hadde det avgjerande ord i alle kontroversielle spørsmål.¹¹ Denne studien har inspirert meg til å undersøke om Komintern hadde eit avgjerande ord med i laget på eit tidlegare tidspunkt.

¹⁰ Arbark.no, *Tapte arkiver dukker opp igjen*, Henta 15.03.2020.

<https://www.arbark.no/Diverse/rgaspi/rgaspi.htm>.

¹¹ Rønning, *Komintern og forsökene på å etablere et «Labour Party» i Norge årene 1925-26*, 128-140.

Elin Hansen, som har studert NKP i si masteroppgåve under perioden ein gjerne kallar ultravenstrefasen 1928-30, kjem fram til at den nye venstrekurisen kom til uttrykk i Komintern sin politikk overfor NKP tidlegare enn det som har vore den vanlege oppfatninga. Vidare konkluderer Hansen med at NKP-leiinga viste full lojalitet til Komintern sine politiske slutningar i den tidlege fasen av Kominterns tredje periode. Høgrefløya gjekk ut, og venstre- og sentrumsfløya samla seg om venstrekurisen. Til trass for dette argumenterer Hansen også for at NKP sin politikk i desse åra utviste ein diskrepans mellom partiet sine politiske slutningar, som var i tråd med Kominterns politikk, og den faktiske implementeringa av venstrekurisen i den norske arbeidarrørsla. Denne forskinga har sett meg på ideen om å studere nettopp forskjellen på kva NKP sa dei skulle gjere til Komintern, og kva dei faktisk gjorde. Hansen kjem også fram til at NKP i den tredje perioden direkte nedfeller Kominterns politiske parolar i NKP sine politiske resolusjonar, utan at dei vart konkretiserte i norsk samanheng.¹² Ut i frå Hansen og Rønning sine studiar kan ein sjå ei viss utvikling mot større sovjetisk dominans, der Komintern verker til å ha større påverknad og kontroll i Hansen sin studie enn i Rønning sin studie. Er det ei jamn utvikling som ber preg av stadig større dominans frå Komintern si side, eller er det element av større bolsjevisme i sjølvstendefasen enn tidlegare forsking har kome fram til? Eg vil utdjupe deira arbeid med å studere kva som hende i relasjonen mellom Komintern og NKP i tida før. Om denne skisserte utviklinga stemmer overeins med min analyse eller er eit unnatak, vil vere interessant å undersøkje.

Teoretisk utgangspunkt

For å skape medvit kring denne framstillinga si plassering og ståstad, før kjeldestudien går i gang, vil det vere viktig å formulere kva førehandsforståing som er grunnlag for mi framstilling si tolking av kjeldemateriale og hendingane.¹³ For å vise til studien sitt teoretiske utgangspunkt, må mi førehandsforståing bli identifisert og uttrykkast i form av generelle teoriar.¹⁴

Eg vil ta utgangspunkt i eit sentrum-periferi-perspektiv i forståinga av relasjonen mellom NKP og Komintern. Revisjonistane innanfor Kominternforskning tek utgangspunkt i at sjølvstendige val gjekk føre seg innanfor medlemseksjonane. For å kunne seie dette, må ein forstå korleis sjølvstendige val var moglege i ein organisasjon med så stor kontroll over sine

¹² Hansen, *NKP og Komintern under den tidlige fasen av Kominterns tredje periode 1927-1930*, 172-185.

¹³ Kjeldstali, *Fortida er ikke hva den engang var*, 134.

¹⁴ Rønning, *NKP, Komintern og forsøkene på å etablere et «Labour Party» i Norge årene 1925-26*, 10.

underavdelingar. I denne studien støtter eg meg på historikar Edward Hallet Carr sin teori om «absentee director», og korleis leiaren av Sovjetunionen, og i hans studie særleg Stalin, var opptatt andre stader. Han var mindre opptatt av «petty disputes of an institution he had always despised»¹⁵. Denne teoretiske tilnærminga støtter også historikarar innanfor den nye revisionistiske retninga seg på: Særleg meiner McDermott og Agnew at Stalin, men også hans støttespelarar og tidlegare styrarar av Sovjetunionen umogleg kan ha kontrollert alle delar av Komintern.¹⁶ Kominterns organisatoriske struktur kombinert med den store geografiske avstanden mellom sentralleiinga og dei nasjonale seksjonane, kan derfor bli sett i eit sentrum-periferi-perspektiv også i perioden før Stalin.¹⁷ Dette viser kor vanskeleg det var å halde grep om det som var langt unna. Denne organisasjonen som var så stor og internasjonal, fekk utfordringar med å styre nasjonalt. Komintern gjorde sine forsøk ved bruk av ulike kontrollmekanismar: Via møter, brev, parolar, resolusjonar, utsendingar og økonomiske sanksjonar, ville Komintern prøve å halde kontroll på dei nasjonale seksjonane.¹⁸ Spørsmålet er i kva grad Komintern faktisk klarte å overhalde denne kontrollen.

Eg vil i denne undersøkinga sjå Komintern som ein hierarkisk organisasjon, der NKP er plassert i ei underavdeling. Medan Kominternleiinga i Moskva representerer topssjiktet i dette hierarkiet, representerer NKP slik sett eit lågare nivå.¹⁹ Til trass for dette hierarkiet vil eg ut i frå sentrum-periferi-perspektivet gå inn med ei førehandsoppfatning om gjensidig avhengigheit og påverknad på ulike nivå. Den gjensidige avhengigheita ser eg med utgangspunkt i behovet Komintern hadde for dei nasjonale seksjonane. Dette med tanke på sin eigen posisjon som internasjonal organisasjon, men også dei nasjonale seksjonane sitt behov for den internasjonale samlinga kring kommunismen. I dette samspelet ser eg kontrollen og oppfølginga av vedtak frå Komintern si side som avgjerande for å sikre Komintern sin eksistens.

Eg vil også sjå mi overordna problemstilling opp mot totalitarismeteori. Dette for å vurdere i kva grad nokre av kriteria for totalitarisme passar opp mot det norske kommunistiske partiet. Kan NKP på nokre måtar kallast totalitært? Nyare totalitarismeforsking har dreidd seg i retning av å handle meir om totalitære idear og ei

¹⁵ Carr, *The Twilight of Comintern 1930-35*, 5-6.

¹⁶ McDermott og Agnew, *The Comintern. A History of International Communism from Lenin to Stalin*, 118.

¹⁷ McDermott og Agnew, *The Comintern. A History of International Communism from Lenin to Stalin*. Her referert frå: Hansen, *NKP og Komintern under den tidlige fasen av Kominterns tredje periode 1927-1930*, 13.

¹⁸ Andersen, *Norges røde hjelp 1924-1937: NKP og forsøkene på å etablere en frontorganisasjon i Norge*.

¹⁹ Rønning, *NKP, Komintern og forsøkene på å etablere et «Labour Party» i Norge årene 1925-26*, 11.

totalitær mentalitet. Dette er noko som gjer dette meir anvendeleg i norsk samanheng, då å tale om eit totalitært regime i dette tilfelle på mange måtar ikkje er relevant. Her vil Øystein Sørensen sine studiar og definisjonar for totalitarisme tene som utgangspunkt. For å definere totalitære ideologiar listar Sørensen opp åtte definisjonar. Eg vil liste opp ein kortversjon: 1) Totalitære rørsler meiner å ha funne oppskrifta på det fullkomne samfunn. 2) Dei forkastar det eksisterande aggressivt. 3) Dei er revolusjonære. 4) Overtyding om at dei har rett/antipluralistiske. 5) Altomfattande. Dei har ei løysing på alt. 6) Innsikt i ideologien er bortlova ei utvalt elite, resten av befolkninga lever i ei falsk forestillingsverd. 7) Alle verkemidlar er lov for å nå sitt store mål. Vald og terrorbruk om naudsynt. 8) Alle som står i vegen er fiendar.²⁰ NKP var medlem i Komintern som var prega av mange av desse ideane. Spørsmålet er om dette også gjeld for NKP. Kanskje fantes det ein skilnad mellom NKP sin intensjon og den faktiske politikken som vart gjennomført? Kanskje var det også ulikt kva NKP ideologisk sett stod for og kva dei faktisk gjorde? Eg vil i slutten av oppgåva drøfte dette og sjå desse kriteria opp mot min analyse og mine funn.

Metode, primærkjelder og kjeldekritikk

Kjeldene eg har brukt i framstillinga er henta frå Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek i Oslo. Der finn ein også oversettingar frå Kominterns arkiv, Det russiske statsarkivet for sosial og politisk historie i Moskva, forkorta RGASPI. Arkivmaterialet til NKP forsvann under andre verdskrig, men på grunn av omfattande korrespondanse mellom NKP og Komintern, har ein likevel kjelder frå denne perioden. Eg vil studere kjelder frå tre arkivavdelingar: dei trykte kjeldene frå NKPs arkiv, kjeldene frå RGASPI og pamflettar/avisar og kjelder frå offentlegheita. RGASPI-kjeldene som er tilgjengeleg i dag, men ikkje var tilgjengeleg medan Lorenz gjennomførte sine studiar, består av protokollar, rundskriv, tesar, resolusjonar, pressekipp, utsegn frå kongressar og ulike møte.

Når ein nyttar kjelder frå RGASPI, kan ei utgreiing av korleis kjeldene i RGASPI er organisert, vere nyttig. Alle dokument i dette arkivet blir ordna i samlingar (fond på russisk). Arkivet som har NKP-kjelder har nøkkelenkoden fond 495. Samlingane er igjen delte inn i arkivavdelingar. Når det gjeld NKP, er det opsis 178 som blir brukt. Arkivavdelingane er igjen delt inn i mapper (delo på russisk), og dei enkelte dokumenta er delte opp i sider (list på

²⁰ Sørensen, *Drømmen om det fullkomne samfunn*, 41-42.

russisk).²¹ Når eg viser til kjelder frå RGASPI i fotnotane, vert følgjande mønster brukt til å referere. Til dømes: RGASPI_495_178_26_1.

Det å studere samhandling mellom to organisasjonar kan by på fleire utfordringar. Ein kjeldeproblematikk er knytt til det språklege. Dette gjeld kva som er oversett og ikkje. Dette gir føringar for kva ein kan få tilgang til utan å kunne språket som kjeldene originalt er skrivne på. Avgjerande kjelder kan vere tapte, mange er ikkje oversett endå og i tillegg ligg det ein stor grad av tolking også i oversettingane. Hovudspråket for dei skandinaviske sakene i Komintern var skrivne på tysk, nokre vart oversett til norsk tidleg og andre har først blitt det no i nyare tid. Sidan eg korkje kan tysk eller russisk, må eg ta utgangspunkt i kjeldene som finst på norsk og dei som er moglege å lese.

Ein annan kjeldeproblematikk er knytt til at kjeldene byggjer på korrespondanse. Ein kan aldri vere sikker på om brev, rapportar eller direktiv nådde fram til mottakaren. Kanskje nådde det også fram til mottakaren, men vart ikkje lagt inn i protokollane. Då vil dette vere korrespondanse som eg ikkje kan få tilgang til. Ein kan heller ikkje alltid heller vite kven som er avsendaren og mottakaren. Korleis direktiv blir tolka er ofte opp til mottakaren. I studie av dette kjeldemateriale, må ein vere medviten om at det ein ikkje finn svar på, også kan fortelje noko. På ei anna side er det viktig å vere medviten om NKP sine mål ved sin politikk. Kjeldene skrivne av partiet er derfor truleg i høg grad farga av kva partiet ønska å formidle. Dette gjeld særleg pamflettane og det som vart sendt ut i partipressa. Ein må derfor vere merksam på at det som NKP vel å sende ut i offentlegheita også seier noko om kva NKP ønskjer å seie i offentlegheita. Det som blir skrive, er ikkje alltid det partiet meiner. Ofte kan politiske bodskap vere strategiske.

Dersom ein nyttar referat frå landsstyremøte, er det også viktig å hugse på at dette er ei normativ kjelde. Den seier noko om korleis partiet ønskjer at noko skal fungere, ikkje noko om korleis det faktisk gjekk. Dette er noko som er heilt sentralt i min studie. Den norske tilpassinga vart kanskje gjort på utsida mot det norske publikum for å få fleire tilhengrar og større oppslutning ved val. Spørsmålet er om det også skjedde på innsida av partiet. Pamflettane og partipressa er ei nyttig kjelde til å seie noko om kva NKP sendte ut i offentlegheita og kva tilpassingar som vart gjort på utsida. Det pamflettane derimot ikkje seier noko om, er kva som skjer på innsida av partiet eller kva partiet faktisk gjorde.

²¹ Andersen, *Norges Røde Hjelp 1924-37: NKP og forsökene på å etablere en frontorganisasjon i Norge*, 14.

Komintern-arkivet på si side er viktig for å sjå kva slags instruksjonar Komintern sendte og kva slags kommunikasjon/korreksjonar som kom derifrå.

På grunnlag av mangel på oversetting og fordi noko av kjeldemateriale er borte, har eg ikkje tilgang til alle direktiv og all korrespondanse mellom Komintern og NKP. Det eg har av kjelder frå Kominterns perspektiv er omsette brev som er lagt inn i NKP sine protokollar og referat. Ut i frå kjeldene eg har tilgjengeleg, er det til dømes avgrensa kva ein kan finne ut eksplisitt kring kva meiningar Komintern hadde om partipressa. Ut i frå protokollar kan ein sjå nokre brev frå Komintern som omhandlar kva rolle partipressa skal ha, men ein finn lite tilgang gjennom dei norskspråklege kjeldene om konkret inngrisen frå Komintern når det gjeld kva som faktisk vart sendt ut. Likevel ser ein gjennom protokollane korleis leiinga internt i partiet vurderer det som vert sendt ut og om dette då samsvarar med direktiva dei har frå Komintern. Ein finn også nokre brev frå Komintern som er lagt inn i protokollane.

Eg vil leggje desse viktige kjeldekritiske omsyna til grunn for min analyse og ta med meg kjeldekritikken inn i analysen. I det følgjande vil eg gå inn i nokre spesifikke hendingar som synleggjer ulike haldningar og forhold til Kominterns direktiv og kommunistiske politikk. Desse spesifikke hendingane er jernstreiken 1923-24, stortingsvalet i 1924 og landsmøtet i 1925. Desse er valt både på grunnlag av protokollar som grundig dokumenterer desse hendingane og fordi desse markerer tydelege politiske hendingar, men viktigast: Fordi dei viser korleis partiet stiller seg til Komintern og korleis Komintern stiller seg i NKP.

Men før eg går inn i analysen og ser på kva måtar og områder NKP følgjer eller ikkje følgjer Komintern sine direktiv, er det nødvendig med ei utgreiing om korleis NKP vart etablert, for å vise på kva grunnlag partiet opererte frå første stund.

Kapittel 1: NKP blir til

I dette kapittelet skal eg greie ut om korleis NKP vart etablert og konsolidert. Dette vil vere grunnleggjande for å kunne vurdere og analysere partiet i etableringsfasen. Her vil tre sentrale sider av partiet bli trekte fram. Først vil eg utgreie om situasjonen i DNA og det nyetablerte partiet sitt forhold til Komintern. Dette vil eg sjå i samanheng med tidlegare forsking. I det andre vil eg sjå på underordninga som skulle vere grunnlaget for relasjonen mellom NKP og Komintern. Underordninga som premiss for relasjonen, vil vere sentralt i min studie. I det siste delkapittelet vil eg greie ut om partiet sine ideformidlarar. Det vil eg gjere ved å undersøkje partipressa og pamflettar for å sjå kva NKP sendte ut i offentlegheita. Dette kapittelet vil tene som eit grunnlag for dei neste kapitla, der eg vil gå grundigare i gang med min analyse.

Situasjonen i DNA

Den russiske revolusjon sendte ei revolusjonær bølge gjennom Europa. Det norske arbeidarparti vart med i Komintern og erklærte seg som eit kommunistisk parti. Likevel tok det ikkje lang tid før striden internt i DNA byrja. Diskusjonane handla då mellom anna om DNA skulle fortsette å vere medlem i Komintern eller om dei skulle tre ut. Innad i DNA var det motsetnader som krystalliserte seg i to retningar. Den eine med Martin Tranmæl i spissen, som var skeptisk til Kominterns leninistiske linje. Den andre retninga hadde Olav Scheflo i spissen, som aksepterte Kominterns autoritet.²² Konfliktane i partiet førte til at DNA måtte setje opp eit landsmøte for å diskutere framtida for partiet.

På det ekstraordinære landsmøtet for Det norske Arbeidarparti dagane 2.-5. november 1923 vart striden innad i partiet diskutert. Møtet førte til ei endeleg avklaring på forholdet mellom Den kommunistiske internasjonale og den norske seksjon.²³ Denne avklaringa kan kanskje seiast å vere etterlengta frå Komintern si side. Dei hadde over tid vore misnøgd med DNA fordi partiet over lengre tid hadde ytt motstand mot ei rekke organisatoriske slutningar som Komintern hadde gitt. Dette gjaldt særleg vilkåra kalla Moskvatesene. Etter opptaksvilkåra som Komintern kravde, var faktisk ikkje DNA eit kommunistisk parti.²⁴ På grunnlag av dette måtte eksekutivkomiteen, rådsforsamlinga innanfor i Komintern, derfor

²² Rønning, *NKP, Komintern og forsøkene på å etablere et «Labour Party» i Norge årene 1925-26*, 22.

²³ Lorenz, *Det er ingen sak å få partiet lite*, 21.

²⁴ Rønning, *NKP, Komintern og forsøkene på å etablere et «Labour Party» i Norge årene 1925-26*, 23.

krevje at DNA tok eit endeleg val. Enten måtte dei gå med Komintern og byrje å reorganisere partiet, eller så måtte dei stille seg utanfor Den kommunistiske Internasjonalen sine rekker.²⁵

Eksekutivkomiteen gav derfor eit ultimatum, der det vart lagt fram at fleirtalsrepresentantane i DNA ikkje kunne halde fram med å vere medlem i Komintern og samstundes stemme ned alle parolane og slutningane deira. For å halde på medlemskap måtte dei bøye seg for Internasjonalen sine avgjerder. Ultimatumet som vart gitt vekte motstand blant DNA sine medlem og dei valte å stemme over om partiet si framtid skulle vere innanfor Komintern eller utanfor. Med 169 mot 103 stemmer vart forslaget frå Eksekutivkomiteen nedstemt. Dei 169 representantane som stemte mot forslaget, var dermed gått ut av Komintern. Dei 103 som gav si tilslutning til Kominterns forslag samla seg.²⁶ Slik vart Noregs kommunistiske parti danna på det ekstraordinære møtet av dei som ønskte å halde på medlemskapet til Komintern.

1.1. Det nyetablerte partiet

Komintern hadde altså gitt DNA eit ultimatum som 169 medlemmer ikkje ønskte å følgje. Dette ultimatumet vart samtala om på det første konstituerande landsmøtet til Noregs kommunistiske parti. Ut i frå foredragsdisposisjonen for NKP kan ein lese følgjande:

Hvorfor har tranmælgruppen brukt med Internasjonalen? Var det for at eksekutivens forslag hadde formen av et ultimatum? I eksekutivens brev blev det klarlagt for flertalsrepresentanterne at det ikke kunde fortsætte at staa i Internasjonalen og samtidig stemme ned alle dens paroler og beslutninger. De maatte prinsipielt erklære sig villige til loyalt at bøie sig for Internasjonalens beslutninger. Det var betingelsen for deres forsatt medlemskap. Det var ikke noget urimelig krav. Det var et krav som var en selvfølge for over 40 sektioner av Internationalen. Om dette krav ikke blev godtatt betydde det hverken mera eller mindre end at Internasjonalens besluttede myndighet blev ophævet for det norske partis vedkommende.²⁷

²⁵ Norges kommunistiske parti. *Det ekstraordinære landsmøte 1923*, 3-6.

²⁶ Norges kommunistiske parti. *Det ekstraordinære landsmøte 1923*, 21-23.

²⁷ RGASPI_495_178_26_1.

For NKP som nyetablert parti var det i følgje deira eigen foredragsdisposisjon «ikke noget urimelig krav» å måtte følgje alle av Kominterns parolar og resolusjonar.²⁸ Slik sett var det som sameina dette nye partiet ønsket om å følgje Internasjonalen sine avgjelder. Dette var trass alt føresetnaden for å fortsette medlemskap.

Lorenz fastslår i sine studiar på den eine sida at det var kjent at Kominterns politikk sette ei ramme for dei enkelte seksjonane sin politikk og deira utvikling.²⁹ Premissa for denne ramma var at ho ikkje kunne overskridast dersom ein ville halde på medlemskapet. På den andre sida, skriv Lorenz, kan ein likevel spørje seg om det er fruktbart berre å sjå dei enkelte kommunistpartia som ein refleks av Kominterns utvikling. Som døme på dette skriv han: «Allerede et flyktig blikk på NKP's utvikling viser at den kommunistiske verdensbevegelsens “ultravenstre-fase” i 1924, ikke gjelder for Norge.»³⁰ Lorenz reiser altså dette spørsmålet i sin studie og trekker fram eit døme der NKP ikkje er eit ekko av Komintern sine direktiv. Spørsmålet er kva dei nye kjeldene vil vise. Ved å undersøkje på kva måtar NKP følgjer eller ikkje følgjer Komintern sine direktiv, kan ein undersøkje dette spørsmålet som Lorenz stilte og antyda i 1983. Då kan eg i min studie kaste lys over om NKP var eit ekko av Komintern si utvikling eller om dei var sjølvstendige i etableringsfasen: For å finne ut av dette må eg i så fall finne ut på kva måtar og område NKP gjer sjølvstendige val.

1.2. Underordning vert utfordra

Den bokstavtru etterlevinga av Kominterns direktiv viste seg å vere vanskeleg å gjennomføre på fleire måtar og område. Dette til trass for at NKP hadde gått ut av DNA for å vere nettopp lojale mot Komintern. Ei årsak til at ei bokstavtru etterleving var utfordrande, handla om at det eksisterte eit mangfold av meininger i det nyetablerte partiet. Desse motsetnadane i leiinga kom raskt til synne etter splittinga. For å kunne forstå korleis partiet stiller seg til Komintern vidare, er det relevant å greie ut for desse ulike retningane.

Enkeltpersonar innad leiinga i NKP danna fløyer og fekk kvar sine tilhengarar. Kort tid etter splittinga med DNA, vart særleg to fløyer framtredande: Den eine fløya, gjerne kalla høgrefløya, hadde støtte frå partiets første formann Sverre Støstad og partiets nestformann Halvard Olsen. Leiaren for denne fløya var Olav Scheflo. Han vart valt til redaktør for det nye partiorganet «Norges kommunistblad», som gav ut si første utgåve allereie dagen etter

²⁸ RGASPI_495_178_26_1.

²⁹ Lorenz, *Det er ingen sak å få partiet lite*, 15.

³⁰ Lorenz, *Det er ingen sak å få partiet lite*, 15.

det første møtet. Han hadde i tida før brytninga med DNA vore ein av dei klare tilhengarane av å følgje Kominterns leninistiske linje.³¹ I det nystifta partiet vart han derimot ein av dei som stod for eit ønske om meir sjølvstende. På den andre sida stod venstrefløya med styremedlem i sentralleiinga Arvid Hansen i front, med støtte frå Eugene Olaussen og partisekretær Peder Furubotn.

Dei to fløyene var ueinige om mykje, men særleg gjaldt det to hovudstridigheter. Den eine handla om kor vidt partiet kunne søkje innflytelse via samarbeid med DNA og fagrørsla. Medan høgrefløya var positiv til dette, var venstrefløya meir skeptisk. Scheflo ønskte å etablere eit masseparti som skulle vinne posisjon gjennom parlamentarisk arbeid. Hansen ønskte derimot å utvikle NKP til eit kommunistisk eliteparti som var i stand til å leie massane i revolusjonære tider.³² Den andre stridigheten handla om NKP sitt forhold til Komintern. I denne studien er det dette eg skal sjå nærmare på. I tidlegare forsking kjem det fram at fløyene var ueinige om korleis ein ønska å følgje Internasjonalen sine politiske føringer. Etter Scheflo sitt syn måtte ein verkeleg kommunistisk politikk ta utgangspunkt i det enkelte land sine føresetnader. For å få til dette måtte ein tilpasse Kominterns vedtak og føringer til nasjonale forhold. Han ønskte slik sett ei form for nasjonalkommunistisk politikk. Hansen på si side krevde at Komintern sine retningslinjer vart følgde i utarbeidinga av NKP sin praktiske politikk.³³

Førestillinga av kva NKP skulle vere både i tida etter splittinga og vidare, handla om i kva grad NKP skulle følgje Internasjonalen i tynt og tykt. Mykje tyder på at splittinga frå DNA ikkje skapte ei einsretting i NKP. Dette har tidlegare forsking etablert. I min studie må eg teste om denne ueinigheita fører til at NKP følgjer Kominterns direktiv eller ikkje. At det var ueinigheter kan ein tidleg stadfeste, men om den var så dominande som tidlegare forsking har kome fram til, vil eg undersøkje i min studie. I ei undersøking av kva som blir følgt av Komintern sine direktiv og ikkje, vil det uansett vere aktuelt å skissere opp desse ulike meiningsane og hovudtrekka for desse retningane innad i partiet. Enkeltpersonar, deira meininger og deira tvil, er sentralt for å kunne forstå og oppfatte årsaksamanhengar for val som vart gjort i denne perioden. Enkeltpersonane kom også til syne gjennom kva NKP sendte ut i offentlegheita. Dette gjaldt både dei som skreiv pamflettar og dei som skreiv i partiavisene.

³¹ Rønning, *NKP, Komintern og forsøkene på å etablere et «Labour Party» i Norge årene 1925-26*, 22.

³² Rønning, *NKP, Komintern og forsøkene på å etablere et «Labour Party» i Norge årene 1925-26*, 26.

³³ Rønning, *NKP, Komintern og forsøkene på å etablere et «Labour Party» i Norge årene 1925-26*, 27.

1.3. Ideformidlarar i partiet

NKP etablerte også si eiga presse og utforma pamflettar som vart sendt ut i forkant av val.

Ved partisplittinga hadde DNA 41 avisar. 11 av desse gjekk over til NKP. I Bergen og Trondheim gjekk fleirtalet av medlemmane i dei lokale partiorganisasjonane ut av DNA.

Dette gjorde at NKP fekk to viktige og tradisjonsrike partiavisar: *Arbeidet* og *Ny tid*. I Kristiania stod NKP derimot svært svakt og hadde inga moglegheit til å klare å ta over *Arbeidarbladet*.³⁴ Derfor vart det viktig for NKP å etablere ei avis i hovudstaden som kunne vere eit hovudorgan for partiet. Komintern gav økonomisk støtte og *Noregs kommunistblad* kom ut allereie dagen etter at partiet vart stifta.³⁵

NKP hadde laga reglar for kva rolle pressa skulle ha. Dette får ein tilgang til gjennom protokollane for «Vedtekter og organisasjonsoversikter». For det første skulle partipressa vere knytt til partiets sentralstyre og det sentralstyret meinte skulle vere bindande. For å få til dette måtte redaktøren av hovudorganet velgest av landsstyret.³⁶ For det andre skulle partipressa sine redaktørar redigere avisar i samsvar med partiet og Komintern sine retningslinjer og slutningar. Partiredaktørane og andre medarbeidarar som hadde opptredd på ein måte som er skadeleg for partiet, skulle straks suspenderast av sentralstyret.³⁷

Partipressa si rolle kjem også til syne i leninistisk partiteori, der det vert fremja at den kommunistiske pressa hadde bestemte politiske og organisatoriske oppgåver. Dette fordi pressa på mange måtar var partiet sine ideformidlarar.³⁸ Som særskilt fenomen, i følgje dei sentralistiske prinsippa nedfelt i Kominterns 21 tesar, var presseorgana si formelt strenge organisatoriske underordning både underlagt den nasjonale partileiinga, men også under Den kommunistiske Internasjonale sitt sentrale apparat i Moskva.³⁹

I denne studien vil nettopp dette vere interessant å undersøkje, altså om denne organisatoriske underordninga var like streng i praksis som i prinsippet. Ut i frå om direktiva frå Komintern blir følgt eller ikkje i det partiet sender ut, kan ein kanskje diskutere nettopp dette. (Dette vil bli undersøkt og analysert i delkapittel 3.2. og 4.1.)

³⁴ Rønning, *Norges kommunistiske partis presse*, 84.

³⁵ Holtsmark, *Sovjetiske penge i norsk politikk?*, 142. Her referert frå Rønning, *Norges kommunistiske partis presse*, 84.

³⁶ RGASPI_495_178_35_3.

³⁷ RGASPI_495_178_35_4.

³⁸ Lorenz, *Det er ingen sak å få partiet lite*, 165.

³⁹ De sentralistiske prinsippene var blant annet nedfelt i Kominterns berømte 21 teser for opptak i internasjonalen fra august 1920. Se J. Degras 1971: *The Communist International 1919-1943. Documents*. Vol.1: 169, Her referert frå Rønning, *Norges kommunistiske partis presse*, 83.

Kapittel 2: Jernstreiken

I dette kapittelet skal eg studere relasjonen Komintern og NKP hadde i lys av hendinga kalla jernstreiken. Ved hjelp av dei nye kjeldene vil eg sjå om dei kan gje nokre nye perspektiv. Jernstreiken var ein arbeidarstreik som varte i sju månader, frå oktober 1923 til mai 1924. Konflikta hadde sitt utspring i at jernarbeidarane opplevde ein lønnsreduksjon på fem prosent.⁴⁰ Jernstreiken var den første store utfordringa for NKP. Under jernstreiken valte NKP å støtte arbeidarane samstundes som dei måtte følgje Komintern sine direktiv. Når Komintern og NKP hadde kvar sine forslag for den beste løysinga - Korleis løyste dei dette?

Tidlegare forsking har vist at partiet var splitta i synet på kva som skulle bli gjort i samband med jernstreiken, men kva andre implikasjoner oppstod og korleis forheldt partiet seg til dette? Kan dei nye kjeldene kaste nytt lys over jernstreiken og dermed også spørsmålet om partiet si sjølvstende? Hovudspørsmålet eg vil fokusere på er på kva måtar og område NKP følgde eller ikkje følgde Kominterns direktiv under jernstreiken. Eg vil altså undersøkje Komintern si rolle og direktiva dei gav.

Premissa for lokale spørsmål

Komintern og NKP hadde laga eigne rammevilkår og premiss når det kom til lokale slutningar. I utgangspunktet var føresetnaden for relasjonen mellom NKP og Komintern at politikken NKP skulle føre, måtte ha sine røter i Komintern og desse skulle fastsetjast på øvste nivå. Men til trass for Komintern si overordning, fantes det nokre unntak som hadde blitt avgjort på NKP sitt første konstituerande landsmøte i 1923. Under «premisser» står det:

Enhver beslutning som aabenbar er lokal i sin art og sin anvendelse henhører utelukkende under det lokale partis myndighetsomraade. Enhver bestlutning av international rækkevidde fattes av Int. med bindende virkning for de lokale partier. Indenfor for de grænser som den internationale parole trækker op skal de nationale partier selv avgjøre den lokale anvendelsesmaate. Foreligger der uenighet om en international paroles int. betydning avgjøres spørsmålet av Internationalen. Tvist om lokale spørsmål avgjøres av det nationale parti selv.⁴¹

⁴⁰ Maurseth, *Gjennom kriser til makt: (1920-1935)*, 453.

⁴¹ RGASPI_495_178_16_4.

Desse premissa er essensielle å trekke fram i denne lokale konflikta, som jernstreiken på mange vis var. Under dette møtet vart det avklart kva myndigkeit NKP skulle ha når det kom til lokale slutningar. Dette kan kanskje også sjåast som eit brot på underordninga ved at partiet faktisk hadde ei viss myndigkeit. NKP hadde altså ein avtale med Komintern om at lokale saker skulle avgjerast lokalt. I Lorenz si forsking skriv han om EKKI og Kuusinen, som Kominterns representantar, sitt forslag om å opprette ein spesiell aksjonskomité og at dette ikkje vart følgt opp i vedtaksform. Vidare er det Lorenz sitt funn at Kominterns forslag om å stille den som bryt disiplinen og partileiinga sine vedtak utafor, ikkje blir etterkome.⁴² Lorenz finn altså ut at Komintern blandar seg til trass for at lokale saker skulle avgjerast lokalt.

Det var heller ikkje gitt at NKP skulle blande seg inn i streiken. Ein streik er i hovudsak eit tilhøve mellom industrien og arbeidarane. Ein streik er heller ikkje partipolitikk. Jernstreiken var også dei første fem månadane ført ulovleg.⁴³ Likevel blanda NKP seg inn i konflikta. På kva måtar dette skjer, er det eg skal vise i dette kapittelet.

Ei utfordring under jernstreiken var at partiet ikkje hadde eit samla syn på korleis streiken skulle løysast. Som arbeidarane sitt parti var det viktig for NKP som heilheit å ta eit standpunkt kring kor dei stod i denne streiken. Til trass for semja kring å ta del i streiken, var partiet ueinig med tanke på korleis dei skulle gjere dette. Store deler av NKP sitt sentralstyre såg det som viktig å støtte jernarbeidarane i streiken. Ei utfordring kom med at partiet sin nestformann Halvard Olsen hadde ei dobbel rolle i at han også var formann i Jern- og Metallforbundet. Denne dobbeltrolla vart vanskeleg då Olsen, som medlem av NKP skulle arbeide for at arbeidarane fekk dei beste vilkåra, men som formann ønska ei rask avklaring og løysing av streiken, for jern- og metallindustriens beste - med tanke på produksjon.

2.1. Komintern «grip inn»

Til trass for premissa om lokale slutningar, meldte Komintern seg på denne konflikta. Komintern kom på bana eit halvt år inn i konflikta ved sine direktiv i brevform den 23. mai.⁴⁴ Ut i frå premissa partiet hadde satt på det konstituerande landsmøtet, kan ein også til ein viss grad forstå kvifor Komintern ikkje i løpet av det første halve året i konflikta la føringar for

⁴² Lorenz, *Det er ingen sak å få partiet lite*, 42.

⁴³ Maurseth, *Gjennom kriser til makt: (1920-1935)*, 454.

⁴⁴ RGASPI_495_178_31_190.

kva NKP som skulle gjere. Ut i frå kjeldematerialet ser det i alle fall ut som at NKP hadde stor myndigkeit til å avgjere sjølv. Dette kan ein igjen forstå ut i frå sentrum-periferi-perspektivet. Kominterns organisatoriske struktur kombinert med den store geografiske avstanden mellom sentralleiinga og dei nasjonale seksjonane, kan truleg ha gjort det vanskeleg for Komintern å halde grep om kva som gjekk føre seg innad i NKP.

RGASPI-kjeldene viser stor ueinigheit innad i partiet.⁴⁵ Leiinga var splitta i synet på løysinga av jernstreiken og dei nye kjeldene stadfester at Komintern derfor grip inn. Desse ueinigheitene internt i partiet kan knytast nokre gonger til høgre- og venstrefløya. Eit unntak her var at Halvard Olsen, formannen i Jern- og Metallforeininga, var tydeleg i sitt ønskje om å avvikle streiken. Men i det som vart trykka i *Noregs kommunistblad*, kom ikkje Olsens mening til syne. I det som vart sendt ut til offentlegheita, som var skrive av Furubotn og Scheflo, kom det tydeleg fram at NKP understøtta jernarbeidarane sine krav. Furubotn frå venstrefløya og Scheflo frå høgrefløya stod samla i møte med offentlegheita gjennom artiklane i *Noregs kommunistblad* som pressa på for å møte jernarbeidarane sine krav. Slik sett verka det som at det ikkje var ueinigheiter innanfor i partiet, i alle fall ikkje gjennom det som vart sendt ut. Men til trass for denne einigheita som vart sendt ut i offentlegheita, skjerpa debatten seg på innsida av partiet frå 22. april. Då stemte Scheflo, som til trass for at han hadde understøtta streikarane i *Noregs kommunistblad* mot Olsens vilje, saman med Olsen. Her stod høgrefløya med andre ord samla att, mot venstrefløya. Lorenz sitt funn er at høgrefløya er splitta, i protokollane frå RGASPI finn ein akkurat her at høgrefløya står samla.

Ved å studere protokollen frå møtet 22. april kjem det heilt eksplisitt fram at møtet var prega av ein «skarp diskusjon.»⁴⁶ Denne ueinigheita innanfor sentralstyret, som handla om korleis partiet skulle vere med på å løyse konflikta, gjorde at sentralstyret gjentatte gonger måtte kalle inn til nye møter. Som forslag til løysing av konflikta fekk sentralstyret på eit møte 10. mai forslag av riksmeblingsmannen, som NKP avviste. Her stemte heile sentralstyret, med unntak av Halvard Olsen, for å stå saman med fagforeiningane og støtte arbeidarane. Dette tolkar eg dithen at Olsen hadde fleire omsyn å ta ut i frå formannperspektivet, heller enn å konkludere med at høgrefløya i seg sjølve er splitta.

Den 23. mai kom det informasjonsskriv frå Eksekutivkomiteen, ved Kuusinen. Det var altså gjennom dette brevet at Komintern meldte seg på for løysing av konflikta. Ut frå dette kan vi anta at Eksekutivkomiteen hadde fått beskjed om at NKP sleit med å samle seg.

⁴⁵ RGASPI_495_178_31_122.

⁴⁶ RGASPI_495_178_31_122.

Komintern greip derfor inn. Brevet frå EKKI vart lest opp på sentralstyremøtet: «Enhver som i denne situasjon bryter disiplinen og partiledelsens bestlutninger, maa uten nølen stilles utenfor rekkerne og overfor arbeiderne offentlig stemples som en motstander av den felles kamp.»⁴⁷ I brevet kom Kuusinen på vegne av Komintern med forslag for å løyse konflikta. Det første forslaget frå Komintern omhandla å ekskludere den som braut disiplinen og partileiinga sine vedtak. Lorenz peiker i sine studiar på at dette ikkje vart følgd opp. Dette stadfestar protokollane frå RGASPI, ved at NKP ved Furubotn kjem meg eigne forslag til korleis dei kan løyse situasjonen med Halvard Olsen. Nokre innanfor NKP, særleg Kristiansen og Mauseth, ønskete å følgje Kominterns direktiv.⁴⁸ Etter jernstreiken vart imidlertid Halvard Olsen ekskludert frå partiet.

I brevet frå Komintern kom det også andre forslag i form av ei liste med 9 direktiv. I brevet står det, interessant nok, at Komintern ikkje vil gje bindande direktiv. På eine sida sa ein seksjon av Komintern seg alltid villig til å ta i mot dei avgjerdene som vart gjort på øvste nivå. På den andre sida gjaldt dette ikkje for lokale saker. Dette kan vere årsaka til at Komintern skriv at dei heller vil gje råd enn direktiv. Likevel var det slik når det gjaldt lokale saker at dersom Internasjonalen gjorde ei slutning, også når det gjaldt lokale saker, skulle dette følgjes opp.⁴⁹ I brevet står det følgjande: «Uten at vilde gi bindene direktiver anser Presidiet det for riktig her at gi sine raad angaande de retningslinjer som centralstyret for Norges kommunistiske parti skulde slaa ind i sin kamptaktik.»⁵⁰ Kva denne kamptaktikken skulle vere godt for, fortel ikkje kjelda noko om. Det som brevet derimot fortel er at: «Men det er klart at partiets hele fremtid avhenger av løsningen på nuværende kampsituasjon.»⁵¹ Slik sett kan ein tolke desse ni direktiva som eit forslag for løysinga av kampsituasjonen og at Komintern tenkjer at desse direktiva kan gje løysinga.

I protokollen frå RGASPI frå sentralstyremøte kjem det fram at brevet frå Komintern først vart lest opp for forsamlinga. Deretter vart direktiva samtalt om og diskutert med tanke på om NKP skulle vedta direktiva. I protokollen står det at Arvid Hansen framsette forslag om at sentralstyret skulle gje si tilslutning til sju av dei ni direktiva frå EKKI.⁵² Her stemmer altså NKP ned to av Kominterns direktiv, som omhandla at partileiinga måtte vere einheitleg

⁴⁷ RGASPI_495_178_31_190.

⁴⁸ RGASPI_495_178_31_192.

⁴⁹ RGASPI_495_178_16_4.

⁵⁰ RGASPI_495_178_31_187.

⁵¹ RGASPI_495_178_31_188.

⁵² RGASPI_495_178_31_189.

og at dei måtte samarbeide.⁵³ I dei to direktiva som NKP valte å stemme nei til, «råda» Komintern NKP til å både vere samla og å sende sin representant for å hjelpe til. Ut i frå dette kan ein stille seg nye spørsmål som kjeldematerialet her blir for tynt til å svare på. Mellom anna gjeld det spørsmål knytt til kvifor NKP stemmer nei til eit direktiv som handlar om at partiet må vere einheitleg.

Denne avstemminga tyder på at partiet i praksis faktisk var eit meir «vanleg demokratisk» parti som dei andre partia i Noreg. Dei hadde den ideologiske tilknytinga til Komintern, men ideologien som NKP viser i praksis stemmer ikkje overeins med prinsippa for medlemseksjonane av Den kommunistiske Internasjonale. Med andre ord utviser NKP ikkje noko form for totalitære tendensar i akkurat denne samanhengen. Sidan dei er så ueinige internt, vil dette seie at dei ikkje er einige om ei felles oppskrift på det fullkomne samfunn. Det at dei godtar at det kan vere ueinigheiter i partiet, tilseier at ideologien ikkje er totalitær. Dei innsåg kanskje at dette ikkje var mogleg og ville ikkje prøve å tvinge det gjennom. Samstundes vart Olsen fjerna, så einkvar ueinigkeit var ikkje velkommen. Det gjekk tydelegvis ei grense. NKP var derfor etter mitt syn ikkje altomfattande, og hadde ikkje ei løysing på alt. Vidare vart ikkje alle verkemidlar tatt i bruk for å nå målet.⁵⁴ Ei underordning av Komintern kjem heller ikkje til syne i dette tilfellet. Altså er det ein skilnad mellom kva NKP ideologisk stod for med tanke på underordninga av Komintern, og kva dei faktisk gjorde. Under jernstreiken handlar NKP innanfor dei norske demokratiske rammene og skil seg frå det diktatoriske prinsippet for Internasjonalen og medlemseksjonane.

2.2. Ei demokratisk tilpassing?

Av direktiva som blir gitt av Komintern blir nokre stemt ja til og nokre stemt nei til. I seg sjølv er det interessant at NKP faktisk stemmer over direktiva frå EKKI. Dette er eit element som tidlegare forsking om NKP har underkommunisert, slik eg ser det. Denne stemmegivinga gir ei form for demokratisk tilpassing, som absolutt er ein sentral faktor i å kunne argumentere for ei form for sjølvstende. Ei demokratisk avgjerd samsvarer heller ikkje med premissa for relasjonen mellom NKP og Komintern. Denne tilpassinga til det nasjonale kjem gjennom kjeldene frå RGASPI tydeleg fram i hendingane kring jernstreiken, fordi ein utifrå kjeldene heilt tydeleg kan sjå at direktiv blir stemte ned av NKP. NKP vurderer slik sett om

⁵³ RGASPI_495_178_31_190.

⁵⁴ Sørensen, *Drømmen om det fullkomne samfunn*, 41-42.

direktiva til Internasjonalen vil passe til det nasjonale. Vidare er det også interessant at Hansen, som representant for venstrefløya med sitt ønskje om ei bokstavtru etterleving av Kominterns direktiv, var den som la fram forslaget om å berre slutte seg til dei sju første av direktiva og ikkje dei to siste. I dette tilfellet stemte også medlemmer av høgrefløya, så vel som venstrefløya for det same. I dei demokratiske avstemmingane er det interessant at NKP som ein ganske «ueinig» parti, faktisk stemmer einstemmig. I kjeldene står det berre: «Debatt». Dette gjer at ein ikkje heilt får tilgang til kva det er som blir debattert.

Kvifor dei stemmer mot desse direktiva, fortel altså kjeldene lite om. Kanskje kan ein anta at dette handla om at NKP meinte ei anna løysing ville vere meir gunstig for jernarbeidarane under streiken. Dersom dette stemte, ville det lokale overstyre det nasjonale, når arbeidarane i Noreg måtte ha ein praktisk politikk som passa til dei norske forholda. Det eine direktivet som NKP stemte ned handla om einighet i NKP, det andre handla om å danne ein aksjonskomité av sentralstyret, i tillegg til ein representant frå EKKI.⁵⁵ Når NKP stemte ned punktet som handla om å få ei hjelpende hand frå Komintern som skulle delta i styret, er dette meir overraskande, fordi her tilbydde Kominterns representant å delta. Ut i frå dette kan ein kanskje trekke ut at NKP ønskte å halde den lokale konflikta innanfor nasjonale rammer. Likevel poengterer alltid NKP i sine protokoller at deira forhold til det internasjonale er heilt avgjerande og all form for «nasjonalisme» er i følgje dei sjølve «eit forræderi».⁵⁶ Dette er også i seg sjølv etter mi vurdering ein retorisk måte å vise avstand til DNA på.

2.3. Komintern som den reddande instans?

Det siste spørsmålet eg vil stille omhandlar korleis relasjonen mellom NKP og Komintern kom til syne i etterkant av jernstreiken. Endra jernstreiken noko på forholdet mellom NKP og Komintern? Dette er ikkje blitt tilstrekkeleg sett lys på i tidlegare forsking. Under landsmøtet til NKP 5.-6. september 1924 blir denne rolla trekt fram. Her takkar Furubotn Komintern for deira rolle under jernstreiken:

I de maaneder gjennemlevet partiet en alvorlig krise, som vi neppe kunne ha klaret hvis det ikke vor Internasjonalens hjelp hadde lykkes os at kutte vek den verste utvekst av de likvidatoriske tendenser i partiets centralstyre og faa gjenopprettet

⁵⁵ RGASPI_495_178_31_189.

⁵⁶ RGASPI_495_178_31_130.

forbindelsen med jernarbeiderne. Vi maa bli klar over de tendenser som her gjorde sig gjeldende.⁵⁷

Her sikter Furubotn til hjelpa med å fjerne Halvard Olsen og for løysinga av konflikta.

Lorenz sitt funn er at Kominterns forslag om å stille den som bryt disiplinen og partileiingas vedtak utanfor, ikkje blir etterkome.⁵⁸ Dei nye kjeldene har stadfesta dette og viser i protokollane at det var NKP sjølve som sette inn tiltak for å fjerne Olsen på sin måte.

Indirekte kan ein kanskje likevel sjå at Olsen vart fjerna på sikt, til trass for at det var NKP som tok denne avgjerda på eit seinare tidspunkt og på sin eiga måte. På landsmøtet gir NKP likevel Komintern takka for at det var dei som «gjorde dette».

Utan Internasjonalen, fortalte Furubotn, hadde ikkje partiet klart seg. Dette kan vere noko Furubotn meiner, men kan også vere noko han seier ut i frå taktiske årsaker for å styrke forholdet mellom NKP og Komintern, som medlem av venstrefløya. Sidan Komintern faktisk ikkje var ei direkte årsak til at NKP løyste sine indre konfliktar under jernstreiken, verker denne takkinga av Komintern som eit retorisk grep. Kanskje var dette også naudsynt sidan NKP faktisk hadde vist seg å ikkje vere lojale mot Komintern under jernstreiken. Likevel var det først etter Kominterns inngrisen at NKP samla seg nok til å klare å avgjere noko. Derfor kan ein på sett å vis sjå Komintern som ein indirekte samlande instans under jernstreiken. NKP stod samla om å stemme for sju av dei ni direktiva som Komintern sendte. Slik sett klarte NKP å stå fast med sin eigen politikk for kanskje første gong i deira historie. Lorenz sine studiar poengterer at Kuusinen sitt brev den 23 mai ikkje fekk direkte betydning.⁵⁹ Men kanskje har den indirekte betydninga vore underkommunisert i tidlegare forsking? Ved at Kuusinen og Komintern meldte seg på og sendte dette brevet, samla NKP seg faktisk kring korleis dei skulle løyse konflikta.

Konklusjon

Tidlegare forsking har konkludert med NKP under jernstreiken handla sjølvstendig. Lorenz sin studie kjem fram til at til trass for langvarige indre brytningar, kom partiet under jernstreiken fram til eit eiga standpunkt utan å la seg påverke av Komintern. I anna tidlegare forsking, peiker Inger Bjørnhaug på at etter jernstreiken vart NKP sin praktiske politikk

⁵⁷ RGASPI_495_178_29_52.

⁵⁸ Lorenz, *Det er ingen sak å få partiet lite*, 42.

⁵⁹ Lorenz, *Det er ingen sak å få partiet lite*, 42.

samla omkring ein kurs som låg til venstre for kva som hadde vore partiets tidlegare linje.⁶⁰ Dette funnet til Bjørnhaug samsvarer med mykje anna tidlegare forsking, som på mange måtar insinuerer at NKP gjennom heile 1920-talet går meir mot venstre og mot konsolidering med Internasjonalen. Sjølvstendigheita og venstreksursen som Lorenz kom fram til og utviklinga som Bjørnhaug kom fram til, var noko eg ønskte å undersøkje med dei nye kjeldene.

Ut i frå denne analysen har eg kome fram til at når NKP først var etablert, viste det seg at det var vanskeleg for partiet å følgje linja som Komintern hadde teikna opp. Dette skjer til dømes under jernstreiken i det det kom til den praktiske politikken: Då ønskte NKP å støtte arbeidarane på den måten dei meinte ville fungere, og valte lokale omsyn heller enn lojalitet overfor Komintern.

Ved nye kjelder har eg kome fram til same konklusjon som Lorenz, ved at ein under jernstreiken ikkje kan sjå NKP som ein refleks av Kominterns utvikling. Eg har med dei nye kjeldene eg har lagt til grunn for analysen, også satt lys på nokre andre element med denne sjølvstenda, ved å vise korleis NKP hadde ei form for demokratisk tilpassing av Komintern sine direktiv og ved å sjå på korleis NKP omtala Komintern i tida etter jernstreiken. Analysen har også vist noko anna enn Bjørnhaug sine funn om at NKP går mot venstre under og rett etter jernstreiken. Sjølvstendigheita NKP viser under jernstreiken viser heller ein seier for høgrefløya, som ønskte ein meir nasjonalkommunistisk politikk. Ei bokstavtru etterleving av Kominterns direktiv som venstrefløya i prinsippet ønska, vart ikkje gjennomført i det NKP faktisk på demokratisk vis stemte vekk to av Kominterns direktiv.

⁶⁰ Bjørnhaug, *Jernstreiken og arbeiderbevegelsen*, 272.

Kapittel 3: Stortingsvalet i 1924

I dette kapittelet skal eg undersøkje tida kring stortingsvalet i 1924, med hovudfokus på korleis relasjonen mellom Komintern og NKP kom til syne. Tidlegare forsking har undersøkt stortingsvalet. Lorenz har funne at NKP, som eit kommunistisk parti og medlem av Komintern, i prinsippet meinte at kampen om stortingsmandat berre var ei førebuing til revolusjonen som måtte kjempast utanfor Stortinget.⁶¹ Tidlegare studiar har i tillegg også studert vonbrotet innad i NKP i etterkant av valet, til trass for prinsippet om at kampane måtte skje utanfor rammene av det parlamentariske systemet. Forventningane og håpet for ei sterk internasjonal arbeidarrørsle gjekk i grus.

Eg vil vurdere tidlegare forsking opp mot dei nye kjeldene og til slutt vurdere om valet berre var ein del av eit større mål, eller om det faktisk var ein så stor utprega skuffelse innad i NKP som tidlegare forsking har funne. Lorenz si studie fastslår både at NKP tok eit skritt nærmare å bli underordna Komintern ved stortingsvalet og at venstrefløya vann posisjon internt i partiet.⁶² Ved å sjå på dei nye kjeldene og dei som Lorenz også hadde tilgjengeleg, vil eg på nytt vurdere kva konsekvensar stortingsvalet fekk for relasjonen mellom NKP og Komintern.

3.1. Einingsfronten

Men før vi går inn på sjølve stortingsvalet, må eg vise kva diskusjonar det var i partiet kring kva strategi dei skulle gjennomføre i samband med stortingsvalet. *Einingsfronten* var ei parole som Komintern nytta for å vinne arbeidarmassane over til kommunistisk politikk. Denne metoden gjekk ut på å få sosialdemokratar og kommunistar til å samarbeide, ved å samle arbeidarar frå ulike parti for å nå politiske mål. Som prinsipp skulle politikken handle om mål her og no, og ein skulle unngå langsiktige mål.⁶³ For både NKP og Komintern var det avgjerande at dei norske arbeidarpinia skulle halde på organisatorisk sjølvstende. Det vil seie at NKP skulle halde fram med medlemskap i Internasjonalen til trass for nasjonalt samarbeid.

For å klare å få gjennomslag og å gjennomføre sin politikk vende NKP sitt sentralstyre seg i mars til både DNA og NSA med einingsfrontforslag.⁶⁴ Dette i fullt samsvar med Kominterns anbefalte metode for å få gjennomslag for kommunistisk politikk. Dette

⁶¹ Lorenz, *Det er ingen sak å få partiet lite*, 45.

⁶² Lorenz, *Det er ingen sak å få partiet lite*, 56.

⁶³ Gjerde, *Enhetsfront*.

⁶⁴ RGASPI_495_178_31_60.

viser at NKP følgde Kominterns direktiv og nytta taktikken og politikken fastsett av Internasjonalen. NKP sendte ut til DNA og NSA: «Vårt parti ser sin viktigste opgave i den revolusjonære klassekamp å samle den norske arbeiderklassen på en sterk og enig kampfront for å slå arbeidskjøpernes og den kapitalistiske klassenes forenede angrep tilbake.»⁶⁵ Ein felles motstandar i kapitalistane, gjorde at NKP meinte at det som foreina arbeidpartia var større enn det som skilte dei. For DNA var dette både ei moglegheit til å få større gjennomslag, men mest av alt ei moglegheit til å samle partia etter splittinga. Samtalane mellom partia gjekk fram og tilbake i brevform, men enda med at NKP til slutt avslo, til trass for at det var deira ønskje til å byrje med. DNA ville berre seie ja til einingsfronten om dette innebar å samle arbeidarrørsla organisatorisk. For NKP, derimot, var det heilt utelukka å tre ut av Internasjonalen. Det ville, i følge sentralstyret lest ut i frå protokollen, ikkje berre vore eit forræderi mot Internasjonalen, men mot heile den norske arbeidarklassen.⁶⁶

Den første førespurnaden om samling til stortingsvalet frå NKP sendte dei ut i mars. På Kominterns 5. verdskongress (juni og juli 1924) skjedde ei kursforandring innanfor den internasjonale kommunistiske rørsle. Her vart einingsfrontar ovanfrå fordømte.⁶⁷ Einingsfronten ovanfrå som NKP hadde prøvd å føre saman med dei andre norske arbeidpartia, vart no fordømt av Internasjonalen. Likevel skjedde dette først etter at partiet hadde avslått forslaget om organisatorisk samling frå DNA. I denne samanheng stod NKP samla. Dei ville ikkje gå med på ei organisatorisk samling, men ville fasthalde si internasjonale tilknyting. Dei nye kjeldene viser altså her det same som i Lorenz sine funn.⁶⁸ Truleg ville ein einingsfront og ei viss «samling» av dei tre arbeidpartia gje større oppslutning ved valet. Likevel viste NKP at partiet stod ved Kominterns side. I brev sendte sentralstyret ut motsvar til DNA:

Norges kommunistiske Parti er en organisasjon hvis medlemmer tross all motgang og alle vanskeligheter er revolusjonens sak hengiven. Partiets medlemmer føler ingen trang til å ombytte medlemskapet i Den kommunistiske Internasjonalen med

⁶⁵ Norges kommunistiske parti – seksjon av det 3dje internasjonale. Beretning: Novemberlandsmøtet i 1923 til landsmøtet i mai 1925, 61.

⁶⁶ RGASPI_495_178_31_131.

⁶⁷ RGASPI_495_178_29_56.

⁶⁸ Lorenz, *Det er ingen sak å få partiet lite*, 47.

medlemskapet i en samrådingsorganisasjons som beherskes av et flertall av antikommunister som bare kunde bli skueplassen for evigvarende stridigheter.⁶⁹

Å vinne val ville aldri vore ein motivasjon for NKP til å forlate Komintern. Dette kjem også fram i pamflettane, som Lorenz også hadde tilgjengeleg då han gjennomførte sine studiar: «Norges kommunistiske parti tigger ikke om stemmer. Den sier rolig og bevisst til de arbeidende masser i by og på land: Velg! For eller mot Den kommunistiske Internasjonale.»⁷⁰

Ut i frå dette kan ein i forkant av valet sjå at NKP demonstrerer over for den nasjonale politikken at NKP verkeleg høyrd til Den kommunistiske Internasjonale. Slik sett var det samsvar mellom det som vart sendt ut i pamflettane og det som skjedde innanfor partiet. Pamflettane skrive av Arvid Hansen «Hvad vil NKP» og Eugene Olaussen «Hvorfor er vi internasjonalen» vart begge gitt ut i forkant av stortingsvalet. Medan Hansen særleg fortel om NKP sine politiske mål, forklarar Olaussen kvifor NKP var eit internasjonalt parti. Olaussen forklarar kvifor dei måtte avvise einingsfronten då DNA ville ha organisatorisk samling, nemleg fordi NKP var internasjonale.⁷¹ Kanskje visste dei også her at dei ville få ei låg oppslutning?

Ideologisk formidlar både Hansen og Olaussen at dannringa av NKP betyr at Noreg kjem med i verdsrevolusjonen. Gjennom pamflettane får vi stadfest dei kanskje to mest tydelege skikkelsane innanfor venstrefløya si tilknyting til Internasjonalen. Med hard retorikk som gjekk ut på at ein enten var med eller utanfor, prøvde dei å verve arbeidarar og andre stemmarar til å kjempe den samla kampen for Internasjonalen: «La oss vise oss verdig til å kjempe under Den kommunistiske Internasjonalens banner!»⁷² Ut i frå desse to pamflettane ser ein liten grad av ei sjølvstende innad i NKP. Andletet som blir synleg ut i frå desse pamflettane er revolusjonære aktive forkjemparar for Internasjonalens banner. Dette heilt i tråd med Kominterns direktiv og kommunistiske politikk.

Avvisinga av einingsfronten og pamflettane viser i samband med stortingsvalet både ei innside og ei utsida som ber preg av at NKP vil vere internasjonalens forkjemparar. I denne samanhengen var kanskje kampen om stortingsmandat berre ei førebuing til revolusjonen

⁶⁹ Norges kommunistiske parti – seksjon av det 3dje internasjonale. *Beretning: Novemberlandsmøtet i 1923 til landsmøtet i mai 1925*, 66.

⁷⁰ Olaussen, *Hvorfor er vi internasjonale?*, 17.

⁷¹ Olaussen, *Hvorfor er vi internasjonale?*, 10.

⁷² Hansen, *Hvad vil NKP*, 31.

som måtte kjempast utanfor Stortinget.⁷³ Dette er eit døme på at det ikkje eintydig var ei sjølvstendefase. Nokre sjølvstendige val vart gjort, men ikkje for einkvar pris - NKP ville ikkje risikere tilknytninga til Komintern, tvert i mot. I samband med stortingsvalet framhevar tidlegare forsking at NKP i etterkant av valet tek eit skritt nærmare Komintern. Ut i frå både dei nye kjeldene, men også pamflettane som tidlegare forsking har nytta seg av, kan ein sjå at dette skrittet nærmare Komintern kanskje faktisk blei tatt før stortingsvalet?

3.2. Trøbbel i *Noregs kommunistblad*

Gjennom pamflettane og det som skjer i samband med einingsfronten, ser ein eit tilsynelatande samsvar i det som skjer på innsida av partiet og gjennom det som blir sendt ut i offentlegheita. Situasjonen innanfor partiets hovudorgan, *Noregs kommunistblad*, er ein litt annan i forkant av stortingsvalet.

I protokollane frå RGASPI av 29. september 1924 kan ein lese frå sentralstyremøtet at artikkelen «En sammenligning», som skulle bli publisert i *Noregs kommunistblad*, vart diskutert.⁷⁴ Kva som var innhaldet i denne artikkelen, kjem ikkje fram gjennom protokollane. Ved å sjå i sjølve avisa, stadfester dette at artikkelen faktisk ikkje vart publisert.⁷⁵ Usemja handla om at partiet sin faglege leiar og avisa sin faglege medarbeidar var ueinige i innhaldet i den upubliserte artikkelen og meinte innhaldet stod i mot direktiva frå Internasjonalen. Vidare reagerte også andre internt i sentralstyret på innhaldet i artikkelen, og ville derfor at artikkelen skulle unngå å bli trykt før sentralstyret hadde vurdert denne.

Redaktør Olav Scheflo svarte på kritikken med at artikkelen måtte inn til laurdag.⁷⁶ Han støtta seg på partileiar Støstad, som hadde sagt seg einig i artikkelen. Dette viser at høgrefløya i partiet hadde gitt sitt samtykke til det som hadde blitt skrive. Venstrefløya stod hardare i mot og var ikkje einige i innhaldet. Da fleirtalet i sentralstyret stod på saka, erklærte Scheflo at han med dette såg seg sjølv som avsagt som redaktør. I motsetnad til kva pamflettane formidlar, viser desse hendingane i sentralstyret at ikkje alle partimedlem ønska å følgje alle Internasjonalens retningslinjer. Scheflo fortalte at han måtte gå av fordi:

⁷³ Lorenz, *Det er ingen sak å få partiet lite*, 45.

⁷⁴ RGASPI_495_178_31_287.

⁷⁵ Norges kommunistblad, 4. oktober 1924.

⁷⁶ RGASPI_495_178_31_288.

Den virkelige grund var at der var kommet et brev fra Den kommunistiske Internasjonale som fastslog en politik som han ikke kunne arbeide for. Han mente at brevet var et resultat av en feilaktig vurdering av forholdene her hjemme, men at han ikke kunne ta opp nogen kamp mot Internasjonalen, og derfor fandt det riktigst at han fratraadte som redaktør.⁷⁷

Scheflo ville slik sett publisere ein artikkel som formidla hans meiningar heller enn partiets. I det han vart sagt i mot, reagerte han med å gå av.⁷⁸ Styret reagerte på dette med å poengtere overfor Scheflo at han var redaktør i ei kommunistisk avis og derfor sa han seg også underordna sentralstyrets kontroll.⁷⁹ Dette var ein av føresetnadane for partiets presse: Nemleg at dei var underlagt partiet si leiing. Sentralstyret og Komintern kunne derfor i alle tilfelle gripe inn dersom det var nødvendig.⁸⁰ Men kva rolle Komintern fekk i dette, om dei blanda seg eller ikkje, får ein ikkje tilgang til gjennom dei nye kjeldene. Det einaste ein får vite er at Scheflo gjekk frå rolla som redaktør fordi Komintern sin kommunistiske politikk var ein politikk som ikkje passa forholda heime.

I forkant av stortingsvalet vart det altså på eine sida gjennom pamflettane og einingsfronten formidla eit sterkt tilhøyr til Internasjonalen og ei etterleving av Kominterns direktiv. Problema innanfor partiets hovudorgan viste ei stor usemje kring kva som skal bli trykka og at leiaren for eine fløya var ueinig i Komintern si forståing av kva politikk som måtte til i Noreg. I forkant av stortingsvalet kom det altså fram at ulike medlem innanfor leiinga såg ulikt på relasjonen med Komintern.

3.3. Internasjonalen sigrar?

Einingsfronten og avslaget av DNA sitt forslag om organisatorisk samling i forkant av stortingsvalet, viser at NKP ville halde fast på medlemskapet til Komintern. Dei knyter seg sånn sett tettare til Komintern ved å fordømme alle former for organisatorisk samling. Ut i frå dette kan ein diskutere om rolla til Komintern vert sterkare allereie før stortingsvalet. Ein ser her at Komintern sine direktiv i stor grad blir følgde opp. På den andre sida kan ein sjå på det som partiet sendte ut. Medan pamflettane som vart sendt ut samsvarer med utviklinga eg her

⁷⁷ RGASPI_495_178_31_293.

⁷⁸ RGASPI_495_178_31_288.

⁷⁹ RGASPI_495_178_31_288.

⁸⁰ RGASPI_495_178_30_435.

har skissert, viser diskusjonane i *Noregs kommunistblad* at partiet er ueinig om innhald som skal bli trykka i bladet. Her viser særleg høgrefløya eit sterke ønskje om å ikkje følgje Komintern sine direktiv.

Ut i frå dei nye kjeldene kan ein stadfeste tidlegare forsking, som ser stortingsvalet som ei sterke markering av avstanden mellom NKP og dei andre norske arbeidspartia. Rolla til Komintern i denne samanheng blir på eine sida sterke og meir konsolidert. Likevel viser dei nye kjeldene at nokre faktisk er kritiske til Komintern i etterkant av valet. Særleg ytrar Scheflo, som framleis var med i sentralstyret til trass for at han gjekk frå posten som redaktør: «At vi representerte Moskva, det svekket os i valgkampen. Det er risikoen ved at staa i internasjonalen.»⁸¹

Medan Scheflo held fram med å vere synleg i partiet, reiste partileiar Støstad heim til Trøndelag etter valet. NKP stod då utan leiar. Ut i frå dei nye kjeldene kan ein sjå tydeleg at NKP hadde større ambisjonar og forventa fleire stemmer, særleg var dette tydeleg i partiets høgrefløy.⁸² Venstrefløya var derimot mindre aktiv i klaginga etter det skuffande valet. Slik sett låg det til rette for at venstrefløya kunne føre ein skjerpa kamp mot høgrefløya, som var delvis forsvunne og gått frå sine sentrale verv i tida rett etter stortingsvalet. For høgrefløya kan ein seie at valet var eit like stort nederlag som tidlegare forsking stadfestar, fordi dei ikkje hadde oppnådd samarbeid med arbeidarklassen og slik fekk låg oppslutning. I tillegg var valet ei krise for høgrefløya med tanke på sentrale leiarskikkelsar. For venstrefløya var det derimot eit betre val. Dei hadde trass alt fått 6% av stemmene som eit internasjonalt revolusjonært parti, meiningsmotstandarane innanfor partiet var svekka, og optimismen kring kva Komintern kunne hjelpe med framover vart tydelegare. I tillegg skal ein ikkje undervurdere at valresultatet kanskje var mindre viktig for venstrefløya i partiet. For dei var truleg ein klar ideologisk profil viktigare? Slik sett kan ein delvis stadfeste at kampen om stortingsmandat berre var ei førebuing til revolusjonen som måtte kjempast utanfor Stortinget.⁸³ Samstundes viser dei nye kjeldene at også venstrefløya verka interessert i ei stor oppslutning i valet og derfor at dei også ønska større handlingsrom innanfor det norske demokratiet.

⁸¹ RGASPI_495_178_31_368.

⁸² RGASPI_495_178_31_370.

⁸³ Lorenz, *Det er ingen sak å få partiet lite*, 45.

Konklusjon

Gjennom min analyse av tida før, under og etter stortingsvalet kjem eg fram til det same som Lorenz sin studie, som fastslår at NKP tok eit skritt nærmare å bli underordna Komintern ved stortingsvalet.⁸⁴ Dei nye kjeldene stadfester også, som Lorenz, at dette gjeld særleg venstrefløya, som vann posisjon internt i partiet. Tidlegare forsking har sett fokus på at det var ein stor skuffelse innad i NKP, men ved å sjå på dei nye kjeldene er det eigentleg berre Scheflo som var ei tydeleg stemme som talte for dette. Derfor gjaldt dette vonbrotet spesielt for høgrefløya. Likevel kan ein nok anta at dette truleg gjaldt for fleire. Dette fordi både høgre- og venstrefløya såg det som viktig å delta i stortingsvalet og dermed ønskte å ta del i det norske demokratiet.

Ut i frå RGASPI-kjeldene er det vanskeleg å seie noko om korleis Komintern såg på NKP i samband med valet. Med tanke på ulikskapane i høgre- og venstrefløya, kan ein nok ikkje kalle stortingsvalet eit stort skifte med tanke på underordning, men eit skritt i retning mot Komintern, som Lorenz også kjem fram til. Kanskje kan ein også modifisere denne konklusjonen sidan pamflettane og RGASPI-kjeldene i forkant av valet viser at eit retningsval faktisk skjedde før sjølve valet? NKP markerte avstand til DNA ved å avslå forslaget om organisatorisk samling. Likevel heldt høgrefløya fram med å dra partiet i retning av ei meir sjølvstendig tilnærming i tida etter valet. Sjølv om Scheflo gjekk frå posten som redaktør, vart det framleis trykka artiklar i strid med Kominterns direktiv i partiet sitt hovudorgan. Dette skal eg undersøkje i neste kapittel.

⁸⁴ Lorenz, *Det er ingen sak å få partiet lite*, 56.

Kapittel 4: Landsmøtet i 1925

I dette kapittelet skal eg undersøkje landsmøtet til NKP i 1925. Eg vil også her undersøkje om NKP i forkant, under og i tida kring landsmøtet følgjer eller ikkje følgjer Kominterns direktiv og kommunistiske politikk for å vurdere kor sjølvstendige NKP faktisk var i denne tida. Eg vil også i dette kapittelet sjå dette opp mot tidlegare forsking. Ut i frå Hansen og Rønning sine studiar kan ein sjå denne utviklinga mot stadig større sovjetisk dominans. Hittil i studien har hendingane stadfesta og utdjupa denne utviklinga. Men er det ei jamm utvikling? Kva skjer i tida kring landsmøtet? Var landsmøtet eit retningsskifte i NKP si historie?

Den 5. verdskongress

På den 5. verdskongress i juni 1924 hadde Komintern vedtatt eit bolsjeviseringskrav. Før stortingsvalet, på landsstyremøtet til NKP den 5.-6. september 1924 hadde NKP tatt stilling til retningslinjene og vedtok desse.⁸⁵ NKP trykka retningslinjene frå Komintern i eit hefte som vart utgje i 1925.⁸⁶ I dette heftet skrev NKP følgjande om at Komintern krevde eit meir handlekraftig parti:

Bolsjeviseringen av partiene betyr at vore sektioner tilegner sig alt det i den russiske bolsjevisisme som er av international betydning. Bare i den grad som Komintern utslaggivende sektioner virkelig forvandles til bolsjeivistiske partier vil Komintern ikke i ord, men i handling bli et enhetlig bolsjeivistisk verdensparti, gjennemtrængt av leninismens.⁸⁷

I tida før landsmøtet i 1925 byrja altså Komintern å krevje meir av dei nasjonale seksjonane. Dette viser at Komintern før landsmøtet i 1925 gav instruksar for å få ei klarare sentralisering og underordning av partia. Lorenz framhevar at Arvid Hansen hadde deltatt på møter i den utvida eksekutivkomiteen i mars og april 1925. Dette hadde resultert i nye retningslinjer for bolsjeviseringa, men til trass for at NKP aksepterte slutningane på den 5. verdskongress, heldt

⁸⁵ Norges kommunistiske parti – seksjon av det 3de internasjonale. *Beretning: Novemberlandsmøtet i 1923 til landsmøtet i mai 1925*, 108.

⁸⁶ Den kommunistiske Internasjonale Taktik. Retningslinjer vedtatt på den 5te Verdenskongres og N. K. P s Landsstyres Resolution om Kongressens Beslutninger.

⁸⁷ Den kommunistiske Internasjonale Taktik. Retningslinjer vedtatt på den 5te Verdenskongres og N. K. P s Landsstyres Resolution om Kongressens Beslutninger, 24.

fraksjonskampane fram og mange av oppgåvene partiet hadde vedtatt let vente på seg.⁸⁸ Særleg i pressa ser ein at dette kjem til syne.

4.1. Pressa sitt sjølvstendige liv?

Scheflo hadde gått i frå posten som redaktør for *Noregs kommunistblad* og Olav Larsen tok over. Larsen skulle no sikre innhaldet i partiet sitt hovudorgan. Dette viste seg å ikkje vere så lett. På sentralstyremøte hadde det til stadigheit etter stortingsvalet vore eit tema at pressa måtte vere meir oppdatert og faktisk underordne seg Komintern sine direktiv.⁸⁹ Likevel kom det i februar 1925 fram at *Noregs kommunistblad* gjentatte gonger hadde trykt artiklar som gjekk i mot Eksekutivkomiteens direktiv. Dette kom til dømes fram i protokollane under politisk byråmøte den 6. februar 1925, der redaktør Olav Larsen fortalte:

Under mit fravær i Bergen er det lørdag 31. januar av Hans Heggum blitt inntatt i Norges kommunistblad to artikler, «En sammenligning» og «Slaatt ut», som efter min opfatning er i høi grad partiskadelige, og som dessuten er et brudd paa de direktiver vi har faatt fra K.I.s eksekutivkomitee i dens siste brev.⁹⁰

Den nye redaktøren Olav Larsen, hadde tilsynelatande ikkje kontroll over bladet. Hans Heggum, som også skreiv i tida då Olav Scheflo var redaktør, hadde publisert noko Olav Larsen og sentralstyret stod sterkt i mot.⁹¹ Dette viser at til trass for at Scheflo, som ein slags leiarfigur for partiets høgrefløy, var borte frå redaktørposten, heldt andre fram med å formidle innhald i samsvar med det Scheflo stod for. Som reaksjon på dette kritiserte Furubotn Larsen som var redaktør for å ha godkjent dette. Larsen hadde trykka innhald som eksplisitt gjekk i mot Internasjonalens direktiv.⁹² Ut frå protokollane kan ein lese Furubotn sine ord: «Det politiske byraa maa overfor kamerat Heggum indskjerpe at alle artikler maa redigeres i nøie overenstemmelse med Internasjonalens direktiver, og at det politiske byraa for fremtiden ikke kan tolerere brudd paa disse beslutninger»⁹³ Ut i frå det Furubotn seier viser det seg at NKP hadde bestemt seg for å ikkje tolerere innhald som ikkje harmoniserte med Internasjonalen

⁸⁸ Lorenz, *Det er ingen sak å få partiet lite*, 59.

⁸⁹ RGASPI_495_178_31_6.

⁹⁰ RGASPI_495_178_46_32.

⁹¹ RGASPI_495_178_46_32.

⁹² RGASPI_495_178_46_34.

⁹³ RGASPI_495_178_46_34.

sine direktiv. Likevel vert ikkje Hans Heggum, som hadde skrive denne artikkelen, forvist frå bladet. Slik sett fekk ikkje artiklar som vart trykt og som gjekk i mot Komintern sine direktiv andre konsekvensar enn varslar. Igjen kan ein ut i frå dette kjeldematerialet sjå ei form for sjølvstende innanfor *Noregs kommunistblad* ved at saker og artiklar mot Kominterns direktiv blir publiserte. Dette skjedde både med Olav Scheflo som redaktør og med Olav Larsen som redaktør. Dette stadfester at det ikkje berre var Olav Scheflo som var representant for Høgrefløya, men at *Noregs kommunistblad* var drevet av fleire som var einige med Scheflo. Høgrefløya stod med andre ord sterkt innanfor partiets hovudorgan.

Høgrefløya stod i alle fall sterkt etter at politisk byrå 17. april 1925 gjeninnsette Scheflo som redaktør og dette var ei einstemmig slutning.⁹⁴ Scheflo hadde eit halvt år tidlegare kritisert Komintern for å ikkje forstå norsk kontekst. Likevel var han ønska tilbake i rolla som redaktør. Her er det særleg interessant at denne slutninga vart gjort einstemmig. Ingen stemte i mot at Scheflo skulle bli innsett som redaktør att. Scheflo hadde trykka innhald som ikkje var i samsvar med sentralstyrets vilje og Kominterns direktiv, men likevel vart han ønska velkommen tilbake etter berre eit halvt år.

Når ein studerer protokollane frå RGASPI, ser det ut som at Komintern var lite til stades. Det er i hovudsak sentralstyret og det politiske byrå som kontinuerleg må vurdere det som blir skrive i pressa. I det som *Noregs kommunistblad* faktisk sender ut i offentlegheita, verker det likevel tilsynelatande som at bladet skriv i samsvar med Kominterns direktiv. Slik sett verker det til at Komintern har ei overordna rolle i å poengtere viktigheita av partipresse og det daglege arbeidet med pressa, men i liten grad overvaker kva som skjer inne i partiet rundt arbeidet med bladet. Kanskje har dei heller ikkje grunn til det, i og med at innhaldet ein ser i bladet er svært prega av si internasjonale tilhøyrslle. Så på eine sida viser protokollane at sentralstyret kritiserer bladet for å trykke saker som ikkje følgjer Kominterns direktiv. På andre sida viser det som faktisk er trykt tydeleg fram det internasjonale ved at det alltid har ein sentral plass. Det er ofte det første auga fell på når ein ser på framsida av bladet. Her kjem det eksplisitt informasjon til den nasjonale seksjonen og deira medlemmer, til dømes «Internasjonalens 5. verdenskongress. Aapnes i Moskva 5. juni».⁹⁵ Det har også direkte talalarar frå EKKI som kjem med sine bidrag og brev som er oversatte, som til dømes Sinojev om «De kommunistiske partiets utvikling» og vidare også «Utan Lenin i leninismens aand.

⁹⁴ RGASPI_495_178_30_528.

⁹⁵ Norges kommunistblad, 5. april 1924.

Brev til alle Den kommunistiske Internasjonale sekjonar.»⁹⁶ Ved å studere forsida av *Norges kommunistblad* verker det som at partiets hovudorgan følgjer Komintern sine direktiv. Gjennom å derimot lese protokollane som fortel om kva som skjer på innsida i avisene blir det motsette stadfesta: nemleg at nokre artiklar i bladet eksplisitt går i mot Kominterns direktiv. Dette reiser fleire spørsmål som kjeldene ikkje kan svare på. For det første kan ein spørje seg kvifor pressa framstilte det som at NKP støtta Komintern i eitt og alt. Handla dette om at NKP visste at Komintern ville lese dette, eller gjorde dei det for å få oppslutning blant nordmenn og markere sin avstand til DNA? For det andre kom ikkje ueinigheitene innad i partiet så tydeleg fram gjennom det som vart sendt ut i offentlegeita: Så kanskje gjorde dei dette for å syna seg som eit meir samla og kommunistisk parti enn dei eigentleg var?

Utover i 1925 og mot landsmøtet, verker det som at Komintern går inn for å konsolidere partipressa under Kominterns leiing. NKP sin redaktørkonferanse gir på våren 1925 si tilslutning til standpunktet i brevet frå Kominterns organisasjonsavdeling: «at partipressen maa arbeide nøie sammen med de ledende partiinstanser, lokalt og centralt, og etter de direktiver som til enhver tid utsendes fra det politiske byraa.»⁹⁷ Her går dei over til ei meir underordning av både Komintern, men også leiinga innanfor partiet. Det kjem også stadige informasjonsskriv til pressa og deira rolle blir meir og meir avklart. Likevel viser studiar som er gjort etter den perioden eg arbeider med her, at partipressa var turbulent også i tida etter 1925, særleg ved at Olav Scheflo etter ein gong protesterer mot partileiinga sin politikk i 1926 og går i frå redaktørposten på nytt.⁹⁸

4.2. Bedriftcellene: «Hver fabrikk, en festning for vårt parti»

På den 5. verdskongress i 1924 hadde Komintern veklagt at alle dei nasjonale sekjonane måtte byrje omlegginga til bedriftceller for å skape kommunistiske masseparti innanfor Internasjonalen. Bedriftceller var måten dei kommunistiske partia skulle vere bygde opp på, og i følgje Komintern var det berre gjennom denne metoden at partia kunne fylle si oppgåve i den revolusjonære klassekamp.⁹⁹ Men sjølv om dette var ein av dei viktigaste slutningane ved den 5. verdskongress, var ikkje dette noko nytt krav frå Komintern til medlemsekjonane. Allereie under den 3. verdskongress i 1921 vedtok Komintern at bedriftceller skulle vere dei

⁹⁶ Norges kommunistblad, 14. april 1924.

⁹⁷ RGASPI_495_178_54_1.

⁹⁸ Rønning, *Norges Kommunistiske Partis presse*, 86.

⁹⁹ Norges kommunistiske parti – seksjon av det 3dje internasjonale. *Beretning: Novemberlandsmøtet i 1923 til landsmøtet i mai 1925*, 49.

kommunistiske seksjonane sitt grunnlag.¹⁰⁰ Første gong NKP diskuterte cellesystemet problematiserte dei at dei ikkje hadde forstått det nok. Dette vart diskutert rett etter Det ekstraordinære landsmøtet:

Partiet var ikke kommet frem til en klar forståelse av bedriftcellene som det organisatoriske grunnlag og fagforeningsfraksjonenes betydning som politisk arbeidende organer som hadde til oppgave å virkeligjøre partiets politikk i fagorganisasjonen.¹⁰¹

Vidare vart temaet også tatt opp på sentralstyremøte i 1924: «I mange seksjoner blev ikke engang spørsmålet om celleorganisasjon i bedriftene opstillet konkret».¹⁰² Ikkje før den 4. juli 1924 sendte NKP sitt sentralstyre ut ein arbeidsplan for dei organisatoriske oppgåver og for danning av bedriftceller.¹⁰³ Det var altså eit krav frå Komintern at dei nasjonale seksjonane skulle leggjast om organisatorisk. Dette var også ein føresetnad på lik linje med andre krav som NKP hadde sagt ja til, då dei valte å bryte ut av DNA for å danne eit nytt parti med medlemskap i Komintern.

At denne omlegginga tek tid, kan handle om at det tok lang tid å etablere eit nytt parti. Men ved dei nye kjeldene får ein tilgang til møtereferat og protokollar som viser at NKP er klar over at dei ikkje har tatt tak i dette: Først unnskylder dei dette med at dei ikkje forstår i 1923. I 1924 tar dei indirekte kritikk for at dei ikkje har tatt tak i spørsmålet konkret. Dei vedtar i juli 1924 at dei skal ta tak i dette, men likevel viser det seg på landsmøtet i 1925 at dei endelege vedtaka først kjem her. Kvifor dei endelege vedtaka ikkje kjem med ein gong, kan vere vanskeleg å forklare. Det gir likevel inntrykk av at denne hjartesaka som var eit krav frå Komintern, ikkje var like viktig for NKP. Eller kanskje unngjekk dei problemstillingane av ideologiske grunnar? Her er det klart at ein ser ei stor grad av sjølvstendigheit frå NKP si side. Dette i form av ei organisatorisk sjølvstende, som gir inntrykk av at Komintern sine krav ikkje var så viktige dersom partiet ikkje «forstod» dei. Det viser også at det innanfor NKP var langt frå vedtak til faktisk handling. Sidan denne organisatoriske omlegginga tok så

¹⁰⁰ Norges kommunistiske parti – seksjon av det 3dje internasjonale. *Beretning: Novemberlandsmøtet i 1923 til landsmøtet i mai 1925*, 42.

¹⁰¹ Norges kommunistiske parti – seksjon av det 3dje internasjonale. *Beretning: Novemberlandsmøtet i 1923 til landsmøtet i mai 1925*, 42.

¹⁰² RGASPI_495_178_32_271.

¹⁰³ Norges kommunistiske parti – seksjon av det 3dje internasjonale. *Beretning: Novemberlandsmøtet i 1923 til landsmøtet i mai 1925*, 43.

lang tid, kan ein lure på kva Kominterns reaksjon på dette var. Ut i frå kjeldene kjem Kominterns eksekutivkomité ut med ein resolusjon om bedriftcellene som ikkje er tidfesta i kjelda, men plassert i protokollane kronologisk i tida kring oktober 1924.¹⁰⁴ Her viser Komintern sin skuffelse over dei nasjonale seksjonane:

Paa grundlag herav har allerede 3. verdenskongress besluttet at bedriftcellene skal være de kommunistiske partiers grundlag. Men i flertallet av Kominterns seksjoner er dette hittil ennu ikke gjennemført. I mange seksjoner blev ikke engang spørsmålet om celleorganisasjon i bedriftene opstillet konkret.¹⁰⁵

Ut får dette kan ein lese at Komintern tydeleg var skuffa over NKP og andre nasjonale seksjonar si manglande handlekraft i forkant av landsmøtet i 1925. Dette formidla dei eksplisitt på møtet. NKP hadde trass alt i september 1924 vedtatt å følgje Internasjonalens slutningar og føringer frå den 5. verdskongress. NKP trykte hefter med resolusjonane og godtok retningslinjene. Dei poengterte i heftet viktigheita av denne omlegginga, utan å gjennomføre det. Komintern kritiserte derfor forskjellen mellom å vedta noko og det å faktisk gjennomføre. For Komintern var det viktig at NKP tok tak i arbeidet med å legge om organisasjonen. Dette var ein prosess for Komintern med tanke på å få gjennomslag for krava som dei stilte, men også for NKP som faktisk måtte gjennomføre politikken som dei hadde sagt seg villig til å gjennomføre.

Dei nye kjeldene og min analyse viser ei klar sjølvstende, når det kjem til denne organisatoriske omlegginga. Kvifor denne omlegginga tek så lang tid, er derimot ikkje tydeleg gjennom dei nye kjeldene. Om dette handlar om manglande handlingskraft eller om motsetnadar innanfor partiet til trass for ei einstemmig slutning om å gjennomføre dette, finn ein ikkje ut av. Det er likevel interessant at NKP vedtar noko i samsvar med Komintern, men faktisk ikkje gjennomfører.

4.3. «Eit passivt parti med indre stridigheter»

På landsmøtet i 1925 var det desse orda Kominterns representant Humbert Droz nytta for å skildre NKP i det han innleia landsmøtet.¹⁰⁶ Denne innleiinga viste Kominterns formelle rolle

¹⁰⁴ RGASPI_495_178_32_271.

¹⁰⁵ RGASPI_495_178_32_271.

¹⁰⁶ *Protokol for Norges kommunistiske partis annet landsmøte i Oslo den 30. mai til 2. juni 1925*, 9.

ved at dei sette rammer for landsmøta. Kominterns representantar og utsendingar opna og slutta landsmøtet i 1925. Humbert Droz, representanten til Komintern opna landsmøtet i 1925 ved å peike på kva som måtte vere viktig for partiet framover:

Landsmøtets parole maa derfor være aktivisering av partiet. Derved vil ogsaa de farer, som er tilstede baa de fra høire og fra venstre best bekjempes. Derved forhindrer vi ogsaa, at partiet blir en sekt, som konsentrerer sig om indre stridigheter....[...] En forutsetning for aktivisering er, at der skapes en bedre organisasjon, en stadig intimere forbindelse med arbeiderne i bedriftene gjennem celler, farforeningsfraksjoner osv. En annen forutsetning er, at partiet har den rette ideologiske skolering.¹⁰⁷

Måla etter landsmøtet var å skape eit aktivt arbeidande parti. Dette skulle skje gjennom å oppfordre alle medlemmer i partiet til å sette seg inn i slutningane for å skape ein organisasjon i samsvar med Kominterns direktiv og å arbeide for partiets bolsjevisering. Komintern vektla også at det var ein viktig føresetnad at partiet hadde rett ideologiske skulering. Dette var eit punkt som ikkje tidlegare hadde blitt særleg drøfta internt i partiet. NKP var svært opptatt av kvifor Internasjonalen var den rette veg å gå. Til dømes kjem dette fram i pamflettar som partiet sendte ut. Likevel kan ein kanskje trekkje ut av kjeldene frå mellom anna jernstreiken, at mykje av den daglegdagse politikken var styrt av andre omsyn enn ideologi. Dette sitatet viser at Komintern såg det som viktig at partiet faktisk vart skulert til å ha rett ideologi. I oversikta over kva som vart vedtatt på landsmøtet, vart denne ideologiske skuleringa trekt fram.¹⁰⁸ NKP såg det no som viktig å vektlegge revolusjonær teori og ideologi for å styrke eit «kollektivt grundlag for at befeste den revolusjonære klassekamps ideologi inden partiet.»¹⁰⁹ Dette området har Ole Martin Rønning studert og dette blir i dei neste åra følgt opp, ved at norske i NKP-leiinga vart sendt til Moskva for å gå på kaderskular og emnet som dei fleste norske studentar studerte var nettopp ideologiske emne.¹¹⁰

Bolsjeviseringsparolen og parolen om ei aktivisering av partiet vart helsa velkommen av landsmøtet, og betydinga av organisasjonsspørsmålet vart etter ein gong framheva.

¹⁰⁷ *Protokol for Norges kommunistiske partis annet landsmøte i Oslo den 30. mai til 2. juni 1925*, 9.

¹⁰⁸ RGASPI_495_178_54_31-32.

¹⁰⁹ RGASPI_495_178_54_35.

¹¹⁰ Her var det snakk om 89 stk i perioda 1926-37. Her referert frå Rønning, *Komintern kaderskoler og Norges kommunistiske parti 1926-1949*.

Retningslinjene for “Partiets aktivisering og bolsjevisering” vart einstemmig vedtatt.¹¹¹ Det som vart vedtatt på landsmøtet i 1925 var å følgje resolusjonane og direktiva frå Komintern. Den viktigaste oppgåva for å gjere nettopp dette, var ei omlegging av partiorganisasjonane på grunnlag av cellesystemet.¹¹² Desse skulle vere partiets fundament. Landsmøtet vedtok og slutta seg heilt til resolusjonane frå den femte verdskongress og «opfordrer alle partiets medlemmer til nøie aa sette sig inn i disse beslutninger, for aa levendegjøre dem i det daglige arbeid for partiets bolsjevisering».¹¹³

Vidare kom også forholdet som NKP hadde til Internasjonalen til syne under landsmøtet. Særleg kom dette til syne under Furubotn sin tale:

Partiet kom dog forholdsvis hurtig over sin pessimisme, og vi fikk nettopp i de dager verdifulle raad og støtte fra den kommunistiske Internasjonale, og det er derfor riktig hvad Støstad sa i sin aapningstale, at K. I. er «den trofasteste veileder som partiet har aa raadføre sig med i vanskelige situasjoner.»¹¹⁴

Furubotn kallar Komintern for ein rettleiar som NKP kunne rádføre seg med. Det verker ut i frå dette nesten som om Komintern i etableringsfasen heller var ein rádgivar enn ein organisasjon som bestemte alt. På landsmøtet var fleire medlemmer frå Internasjonalen til stades, noko som gjorde at dei fekk vite om denne måten som NKP prata om Komintern på. Dette viser med andre ord både at NKP såg Komintern som ein rádgivar og støttespelar heller enn at dei såg seg som totalt underordna. Dette gjer på eine sida at ein ikkje kan argumentere for ei total underordning, men på andre sida at ein kan argumentere for ei sjølvstende i NKP. Dersom Komintern berre var ein rádgivar, vil det også seie at det var delvis opp til NKP kva politikk dei ønskte å gjennomføre.

På landsmøtet kom ulikskapane i partiet fram, men dette løyste også på finurleg vis nokre av hovudkonfliktane. Dette ved at likevekta vart oppretta: Nykommaren i leiinga Christian Hilt og Peder Furubotn danna ei ny sentrumsfløy. Furubotn var forsiktig i sin kritikk av Scheflo.¹¹⁵ Om dette hadde noko med Kominterns rolle og gjere eller ikkje, seier ikkje kjeldene så mykje om. Her blir kjeldematerialet for tynt. Likevel kan ein seie ut i frå

¹¹¹ Bestlutninger vedtat paa Norges kommunistiske partis annet landsmøte i Oslo den 31. mai til 2. juni 1925, 7.

¹¹² Bestlutninger vedtat paa Norges kommunistiske partis annet landsmøte i Oslo den 31. mai til 2. juni 1925, 7.

¹¹³ Bestlutninger vedtat paa Norges kommunistiske partis annet landsmøte i Oslo den 31. mai til 2. juni 1925, 7.

¹¹⁴ Protokol for Norges kommunistiske partis annet landsmøte i Oslo den 30. mai til 2. juni 1925, 31.

¹¹⁵ Protokol for Norges kommunistiske partis annet landsmøte i Oslo den 30. mai til 2. juni 1925.

kjeldene ein har at representantane frå Komintern ikkje akkurat dempa spenningane i partiet på landsmøtet. Dette kjem fram av den skarpe tonen mellom partimedlemmane. Likevel hjalp det at Peder Furubotn vart valt til partiformann, han gjekk i ein mellomposisjon og gjorde krav på at spenningane la seg. Slik sett løyste partiet sjølv mykje av dei indre spenningane. Furubotn og Hilts sentrum jamna ut motsetningane mellom Scheflo og Hansen.

Landsmøtet er interessant av fleire grunnar. På den eine sida stadfester dei nye kjeldene tidlegare forsking ved at det også gjennom desse kjem fram kor store motsetnader det var innanfor partiet og kva konsekvensar dette hadde for partiets gjennomslagskraft. Men kjeldene viser også på den andre sida at Komintern var svært eksplisitt i sin kritikk av NKP på dette møtet og slik sett kan ein diskutere om Komintern la meir press på NKP. Komintern kritiserte NKP for å ikkje ha følgt Kominterns direktiv og dette gjaldt særleg den organisatoriske sjølvstenda som NKP hadde utvist. Einstemmige vedtak både på sentralstyremøte og på landsmøtet klarte med andre ord ikkje å skjule at meiningsforskellar framleis eksisterte. Dette kjem svært tydeleg til syne gjennom protokollane og beretningane frå landsmøtet. Komintern var også klar over desse meiningsmotsetnadane innanfor sin norske seksjon, dette kjem fram av opningstalen til Humbert Droz, men også av andre Kominternrepresentantar.

Konklusjon: Ei ny samla retning?

Landsmøtet markerer på mange måtar ein overgang og eit retningsskifte i NKP sin politikk. Dette fordi NKP både vedtar, men også gir klarare indikasjonar på at dei skal følgje politikken frå den 5. verdskongress. I kva grad dei faktisk gjennomfører dette, er utanfor denne studien sitt omfang og trengs vidare forsking på. Likevel kan ein nok anta at denne bolsjeviseringa skapar ein større grad av bolsjevisering og at sjølvstendigheita blir mindre. NKP si sjølvtransaking og orsaking overfor Komintern, er på mange måtar ei stadfesting av at tida før var prega av ei tilpassing, der NKP ikkje alltid følgde Kominterns direktiv og kommunistiske politikk.

Landsmøtet er derfor det store skiljet i ei periodisering som vil argumentere for ein sjølvstendefase. Komintern grip på landsmøtet tydelegare inn, krev ei klarare ideologisk skjerping og NKP aksepterer dette. Likevel er ikkje dette møtet eit skilje med tanke på at alle motsetningar internt i partiet forsvinn, men ved at nokre medlemmer tek ein mellomposisjon gjer dette at partiet på mange måtar sameinast.

Ein kan derfor argumentere for ei ny retning, men denne retninga var ikkje samla. Den interne situasjonen innanfor partiet var uklar etter landsmøtet. Dei nye kjeldene viser det same som Lorenz sine studiar: At ut i frå kven som vart valt inn til sentralstyret, ser det ut til at mange av representantane for høgrefløya vart verande. Samsvaret mellom venstrekurseren som enkelte av landsmøtevedtaka la opp til og resultata av vala til partiets sentralstyret, var kanskje derfor ikkje heilt i samsvar. Sentralstyret såg sånn sett ut til å ha sterke innslag frå høgrefløya.

Ut i frå min analyse av hendingane i forkant, under og på landsmøtet kan ein altså derfor seie at partiet konsoliderast kring eit ønskje om å følgje Kominterns direktiv meir enn det dei tidlegare hadde gjort. Slik sett kan ein stadfeste den utviklinga som ein ser ut i frå Hansen og Rønning sine studiar. Det skjer stadig meir sovjetisk dominans gjennom heile perioden eg studerer. Dei nye kjeldene viser også at det var ei ganske jamn utvikling. Etter landsmøtet var partiet kome til eit punkt der dei måtte forholde seg meir til kva Komintern dikterte. I forkant av landsmøtet og under landsmøtet blir mange av direktiva frå Komintern vedtatt og NKP går i mot ein venstrekrus ved bolsjeviseringa. Slik sett vil etableringsfasen prega av ei så stor grad av sjølvstende også vere over etter landsmøtet.

Konklusjon

I denne studien har eg undersøkt Noregs kommunistiske parti og relasjonen deira til Komintern 1923-25 for å finne ut på kva måtar og område NKP følgjer Kominterns direktiv og på kva måtar dei ikkje gjer det. Tidlegare forsking antyda at partiet tok nokre sjølvstendige val uavhengig av Komintern i denne perioden. Eg ønska å gå inn i dette for å sjå om dei nye kjeldene falsifiserer eller verifiserer tidlegare forsking. Det sentrale spørsmålet mitt er å vurdere kor sjølvstendig NKP faktisk var i etableringsfasen.

Ei førehandsoppfatning eg gjekk inn med var at dersom det gjekk føre seg ei form for tilpassing til det nasjonale og lokale innad i NKP, var denne truleg gjort på utsida mot det norske publikum for å få tilhengrarar og større oppslutning ved val. Innanfor partiet, tenkte eg, at det var ei tettare tilknyting til Internasjonalen. Førehandsoppfatninga eg gjekk inn i studien med, viste seg kanskje heller å vere motsett. På utsida mot det norske folk og mot Komintern stadfester NKP gang på gang si tilhøysle til Internasjonalen. Særleg kjem dette fram i pamflettar, som er eit døme på ønsket om nærleik til Komintern og viser ei etterleving av Komintern sine direktiv. Innad i NKP går det derimot føre seg ei stor grad av sjølvstende og tilpassing og særleg skjer dette høgrefløya.

I min studie ønska eg også å vurdere periodiseringar gjort av Komintern si historie. Eg gjekk inn i dette med eit utgangspunkt i at den tradisjonelle ovanfrå og ned-periodiseringen ikkje naudsynt ville passe så godt med den nasjonale konteksten. Dette kom tydeleg fram under arbeidet mitt med kjeldene. Medan tradisjonell periodisering seier at sjølvstendefasen er over i 1924, vil eg argumentere for ei anna periodisering, der sjølvstendefasen først er over etter landsmøtet i 1925. Dette vil altså seie at sjølvstendefasen var lengre enn dei tradisjonelle Kominternforskarane har antatt. Den nye retninga innanfor Kominternforskning, som ein kan kalle revisjonistane, fann at dei nasjonale kommunistpartia hadde eit viss handlingsrom til å styre si eiga utvikling. Gjennom denne analysen har eg sett at dette også gjaldt for NKP, og eg vil derfor plassere denne studien innanfor den nye retninga: Det gjekk føre seg ei sjølvstendefase - også i Noreg, som revisjonistane har meint.

Studien til Lorenz har vore heilt sentral i min studie. I denne studien har eg gått opp same sti som Lorenz på eit lite avgrensa felt og i eit kort tidsrom, men har lagt nye kjelder frå RGASPI-arkivet til grunn for analysen. Til trass for at Lorenz ikkje hadde tilgang til nokre av kjeldene som eg har hatt tilgjengeleg, er det tydeleg gjennom min analyse at eg stort sett kjem til det same svaret som Lorenz. Dei nye kjeldene har med andre ord ikkje gitt store endringar som falsifiserer den tidlegare forskinga. Etter denne studien vil eg konstatere at dei nye

kjeldene langt på veg har verifisert tidlegare forsking og stadfesta at nokre sjølvstendige val vart tatt av NKP. Likevel bringer min studie inn noko nytt som tidlegare forsking ikkje har fått fram gjennom sine kjelder.

NKP hadde nær tilknyting til Komintern, som kanskje kan seiest å ha vore gjennomsyra av totalitære idear. Den overordna problemstillinga i denne undersøkinga er om NKP kan seiest å ha vore eit totalitært parti eller prega av totalitære idear i si etableringsfase. Når eg i denne forskinga ville vurdere kor sjølvstendig NKP var i etableringsfasen, ville eg også sjå om tidlegare forsking har undervurdert tilknytinga til dei meir ekstremistiske ideane. Gjennom min analyse ser ein at NKP nyttar demokratiske metodar ved at dei gjennomfører avstemmingar. Dei skil seg frå det diktatoriske prinsippet for medlemskap i Komintern, ved at dei vurderer kva dei skal gjennomføre av direktiva og vurderer sak for sak. Samstundes held på partiet ein retorikk, der dei formidlar til Komintern at dei kjemper den kommunistiske kamp i Komintern si ånd og har ein felles ideologi og framgangsmåte som det overordna internasjonale partiet.

Kanskje var det ein forskjell mellom NKP sin intensjon og den faktiske politikken? Dei var trass alt med i Komintern fordi dei ønska å vere ein del av den internasjonale kommunismen. Slik sett stod dei ideologisk nært Komintern og var derfor prega av nokre totalitære idear. Men passa det dei gjorde i praksis med kriteria for ein totalitær ideologi? Dersom ein ser på Sørensen sin definisjon for totalitære rørsler, fyller NKP ikkje kriteria som inneber at partiet må ha ein altomfattande politikk med løysingar på alt. Det er heller ikkje ei elite som styrar. Valdsbruken var avgrensa og dei tok slik sett ikkje i bruk alle verkemiddel for å nå sine mål.¹¹⁶ NKP er svært revolusjonære i sin retorikk, men forkastar ikkje det eksisterande aggressivt. Derimot handlar dei innanfor dei parlamentariske rammene. Leiinga meinte kanskje at dei hadde funne oppskrifta på det fullkomne samfunn, men leiinga var heller ikkje på nokon måte samla. Var det kanskje ein forskjell på kor «totalitære» dei to fløyene var? Medan høgrefløya ønska å tilpasse politikken til nasjonale forhold, ønskja venstrefløya ei meir bokstavtru etterleving av direktiva frå Komintern. Sånn sett kan ein kanskje seie at dei totalitære ideane hadde større innpass i venstrefløya. Likevel gjekk også venstrefløya med på å foreslå samarbeid og einingsfront med DNA i forkant av stortingsvalet i 1924. Her er enda eit kriterium for det totalitære som NKP ikkje oppfyller: Alle var ikkje fiendar i NKP sine auge.¹¹⁷ Dette til trass for ein retorikk som formidla at alle som ikkje

¹¹⁶ Sørensen, *Drømmen om det fullkomne samfunn*, 41-42.

¹¹⁷ Sørensen, *Drømmen om det fullkomne samfunn*, 41-42.

kjempa i Kominterns ånd var fiendar. NKP held fram utover 1920-talet med å søkje innflytelse saman med andre parti i Noreg. Andre parti er derfor ikkje klare fiendar, til trass for at dei ikkje arbeida mot same mål. Men til trass for at dei ikkje oppfyller fleire av kriteria, meinte nok leiinga – til trass for dei ulike fløyene – at den sanne, rette ideologi og metoden for å nå det store målet gjekk hand i hand med å vere medlem i Internasjonalen. Viss ikkje hadde dei nok ikkje gått ut av DNA for å halde på medlemskapet til Komintern. Slik sett hadde nokre av dei totalitære ideane innpass i NKP i denne tida. Til trass for dette kan ein konkludere med at NKP på ingen måte er eit totalitært parti i etableringsfasen. Om NKP vart meir prega av totalitære idear utover 1920-talet, trengst det vidare forsking for å undersøkje.

Til trass for måtar og område der NKP følgjer eller ikkje følgjer Kominterns direktiv, og at det går føre seg ei sjølvstendefase, tenkjer eg at ein aldri må underkommunisere Internasjonalen som det store førebiletet for NKP. Det er derfor partiet vart danna og derfor dei heldt fram med å halde saman. NKP er, som Lorenz antyda i 1983, kanskje ikkje ein refleks av Kominterns utvikling eller eit ekko av Komintern sin kommando i si etableringsfase. Men likevel sendte partiet ut eit budskap til norske folk som skapte ei utbreidd kommunistfrykt. Saman med tidlegare forsking vurderer eg NKP i etableringsfasen som ein låg trussel, då dei korkje var totalitære og heller ikkje framstod som så kommunistiske når det kom til stykket. Men dette kunne ikkje det norske folk vite. NKP framstod i offentlegheita som lojale mot Komintern i ein periode da polariseringa var skarp og NKP bidrog sånn sett til å halde den skarp. Dette bidrog igjen til å mobilisere høgrekrefter som frykta kommunismen. Derfor er det viktig å ikkje underkommunisere NKP si tilknyting til Komintern og leggje for stor vekt på at partiet var sjølvstendig.

Å undervurdere overordna føringar som lim i eit parti kan lett bli misvisande. Med ei venstrefløy som prøvde å tvinge høgrefløya tilbake og store ueinigheter internt i partiet, var truleg Komintern viktig som ei overordna «kraft». Grunnen til at NKP ikkje var med i Arbeidarpartiet, var trass alt fordi dei ønska å vere med i Komintern. Derfor kan ein sjå Komintern, i tillegg til Furubotn i tida kring landsmøte i 1925, som ei slags overordna bru mellom motsetnadene. Komintern blir for NKP som ei slags «kraft som strålte frå Moskva».

Epilog

I denne studien har eg sett på relasjonen mellom NKP og Komintern i tida 1923-25. I det følgjande skal eg argumentere for korleis og kvifor denne studien er relevant for undervisning i historie. Studien om NKP er relevant for undervisning i skulen mellom anna fordi den kan bli brukt i undervisning om demokrati. Til slutt i denne epilogen vil eg skissere eit undervisningsopplegg basert på ei primærkjelde frå studien eg har gjennomført.

I samband med fagfornyinga har alle læreplanane i skulen blitt fornya for å gjere dei meir relevant for tida framover. Læreplanen for historie skal tre i kraft frå 01.08.2021. I både den overordna delen, som er delt i ein fagspesifikk og ein tverrfagleg del, er undervisning kring demokratiet sentralt. Med andre ord skal demokrati arbeidast med både tverrfagleg og i faget åleine. Dessutan er demokrati også implementert i kompetansemåla i historiefaget. Det er nytt med fagfornyinga at skulen skal legge til rette for tverrfaglege tema som skal gjennomsyre i ulike fag. Desse tre tverrfaglege emna er demokrati og medborgarskap, folkehelse og livsmeistring og berekraftig utvikling. Studien eg har gjennomført vil vere særleg relevant for undervisning som skal fremje kunnskap om demokrati og medborgarskap. I undervisningsopplegget som kjem seinare i denne epilogen, vil det skisserte opplegget vere laga for historieundervisning.

I den overordna delen av læreplanen kjem det tydeleg fram at opplæringa i skulen skal fremje oppslutning om demokratiske verdiar og demokratiet som styreform. Elevane skal gjennom opplæringa få forståing for demokratiet med tanke på korleis det fungerer, betydninga av det og spelereglane for det.¹¹⁸ I historiefaget har ein uavgrensa moglegheit i undervisning som viser demokratiets betydning både nasjonalt, men også internasjonalt gjennom tidene. Gjennom ulike døme kan elevane utvikle innsikt i sentrale historiske hendingar, samanhengar og menneske sitt handlingsrom i fortida. Då kan faget også bidra til at elevane blir aktive medborgarar, som kan orientere seg, ta stilling og sjå samtidsutfordringar i ein historisk samanheng.¹¹⁹ Men sjølv om faget kan bidra til at elevane kan bli aktive medborgarar, så er ikkje dette ein automatisk prosess. Ein må som lærar legge opp til måtar å jobbe med demokrati på som gjer at elevane får øve seg på å bli aktive medborgarar. Mellom anna kan undervisning om kjeldekritikk, som eg vil legge opp til i dette undervisningsopplegget, bidra til at elevane kan orientere seg og ta stilling til utfordringar i

¹¹⁸ Utdanningsdirektoratet. Overordnet del. Demokrati og medvirkning. Henta 22.04.2020.

¹¹⁹ Utdanningsdirektoratet. Læreplan i historie – fellesfag i studieforberedende utdanningsprogram, HIS01-03. Henta 22.04.2020.

ein historisk samanheng. Kjeldekritikk er med andre ord ein sentral nøkkel for å auke ei kjeldekritisk medvit.

Det er altså svært viktig at elevane i skulen forstår at det norske demokratiet ikkje er ei sjølvfølgje, men ei følgje av val som menneske tidlegare har tatt, tar og vil ta i framtida.¹²⁰ For å forstå dette blir det viktig at elevane kjenner til kva som gjer eit demokrati levedyktig, kva som utfordrar demokratiet og korleis ein har møtt og i framtida kan møte truslar mot demokratiet. Dette kan koplast opp til eit av dei sentrale omgrepa i historiefaget og i den nye læreplanen: Historiemedvit. Læreplanen legg opp til at elevane skal utvikle historiemedvit og sjå samanhengar i fortida. Slik skal elevane også utvikle ei forståing kring at dei sjølve er historieskapt og historieskapande, og kunne sjå at forståing av fortida er relevant for notida og framtida.¹²¹

Fagforsyninga gir nye mogleheter for historieundervisninga. Eit fornya og auka fokus på kjeldearbeit og tverrfaglege mål vurderer eg som lektorstudent som gode faglege forsyningar. Det gir utfordringar, særleg med tanke på metodikk og metodemangfold, men gir også mange nye mogleheter til å vere nytenkjande og kreativ. I sum legg fagforsyninga opp til å utvikle elevar til demokratiske borgarar som er med på å utvikle demokratiet: Dette er ein verdi som ein legg inn i skulen. Eg vil derfor i denne epilogen trekke fram demokrati og medborgarskap i ei undervisningsøkt der eg ønskjer å vere med på å gje elevane forståing av demokratiet sitt opphav og utvikling. Det er likevel viktig å peike på at min studie først og fremst handlar om eit parti med totalitære tendensar. For å sørge for undervisning om antidemokratiske rørsler og tankesett, er det i den nye læreplanen to kompetansemål som handlar om nettopp ideologi. Dei er der mellom anna for at elevane skal lære om totalitære ideologiar.

Korleis det norske demokratiet har utvikla seg vil vere eit mogleg hovudtema i undervisning som nytter NKP som døme. I etterkant og i lys av andre verdskrigene er Nasjonal Samling si tilknyting til det tyske nazistpartiet eit døme som gjerne blir nytta i undervisning. Slik sett kan ein kanskje seie at NS gjerne blir det mest prioriterte døme på norsk ideologisk mangfold i mellomkrigstida i skulen. I Noreg på 1920-talet var kanskje NKP sett av det norske demokratiet som ein større potensiell trussel. Dette kanskje særleg på grunn av Det norske Arbeidarparti si revolusjonære vending tidleg på 1920-talet. Undervisning om NKP på

¹²⁰ Utdanningsdirektoratet. «Overordnet del – verdier og prinsipper for grunnopplæringen». Henta 22.04.2020.

¹²¹ Utdanningsdirektoratet. «Hva er nytt i historie?», 1. Henta 22.04.2020.

1920-talet er relevant for undervisning i skulen, både fordi det gir eit døme på ytre venstre i norsk samanheng, men også fordi det gir eit bilete på ideologisk mangfald i mellomkrigstida.

Kvifor NKP vart sett som ein potensiell trussel av det norske samfunn i mellomkrigstida, kan vere fordi partiet var medlem av ein organisasjon som kan seiast var prega av totalitære idear. Dei var ein del av den internasjonale kommunistrørsla, som hadde Moskva i førarsetet. Tidlegare fokuserte totalitarismeforsking mykje på totalitære regime, men har no i nyare tid heller sett på idear og mentalitetar. Med tanke på totalitære regime kan ein nok seie at Sovjetunionen under Stalin, saman med Tyskland under Hitler, kanskje er krondøma på samfunn styrt og gjennomsyra av totalitære idear. I skulen kan ein nytte denne typen forsking til å vise til eit samfunnssyn som skil seg sterkt frå det norske demokratiet. NKP, som norsk parti, hadde tette forbindigar med Sovjetunionen på 1920- og 30-talet. Sidan Komintern avgjorde mykje av NKP sin politikk, vil ein også kanskje kunne seie at politikken til NKP til ein viss grad var prega desse ideane.

Det er interessant å sjå om slike idear som ein gjerne ikkje snakkar om i norsk samanheng, har hatt noko rotfeste i Moskva-partiet i Noreg. Her er det viktig overfor elevane å presisere tydeleg at ein studerer idear og tankar, og sånn sett er det ikkje relevant å trekke NKP til totalitært regime. Å sjå på kva strømmingar og ideologiar som har eksistert innanfor det norske demokratiet i tidlegare tider, vil vere relevant for å førebu elevar på ulike tankesett som kan ha eller kan komme til å ha konsekvensar for demokratiet. Slike idear som ein kan knytte til det totalitære, er ein potensiell trussel mot demokratiet fordi desse ideane mellom anna handlar om å ta bruk i dei verkemidla som må til, for å oppnå det fullkomne eller ideelle samfunnet. Desse verkemidla kan til dømes vere vald eller andre ting som utfordrar samfunnstrukturar og systemet slik vi kjenner det. I samband med ytre venstre i Noreg på 1920-talet kan ein seie at mykje låg i retorikken partiet nytta: Retorikken var revolusjonær og handla om at det ville forkaste det beståande. Denne retorikken førte til at ein vurderte partiet som ein stor trussel. I kombinasjon med sine tette kontaktar med Moskva, var denne retorikken nok til å skremme store deler av det norske folk.

Elevane vil gjennom tida i skulen truleg sjå og forstå at det er eit påfallande trekk ved det norske demokratiet kor motstandskraftige det har vore i møte med antidemokratiske strømmingar, både i fortid og samtid. I prinsippet var NKP ei av desse antidemokratiske strømmingane. Min analyse og tidlegare forsking har stadfesta at dei i praksis truleg var mindre antidemokratisk enn dei kanskje gav utrykk for retorisk. Det var altså ein forskjell mellom kva NKP i prinsippet stod for ideologisk og korleis partiet faktisk gjennomførte den praktiske politikken. Likevel vart dei sett av det norske samfunn som ei antidemokratisk

rørsle. Derfor er det først i ettertid, på nytt gjennom nye kjelder, at ein kan stadfeste at dei kanskje ikkje var ein så stor trussel. Likevel vil det å kjenne igjen desse ideane, kanskje særleg når det ikkje kjem så tydeleg fram, vere avgjerande for å sikre demokratiet i framtida. Vi må som lærarar ruste elevane til å forstå at å sikre demokratiet i framtida krev aktive val. Vi veit lite om kva utfordringar som vil kome på vegen, men vi veit kva som har skjedd tidlegare. Derfor er historiefaget alltid like relevant.

I det følgjande vil eg skissere eit undervisningsopplegg der det kjem tydeleg fram denne revolusjonære retorikken i NKP, som kanskje gjorde at menneska i Noreg vurderte NKP som ein stor trussel for det beståande politiske system.

Undervisningsopplegg

Dette undervisningsopplegget er laga for ein skuletime på 60 minutt på Vg3. Den kan brukast som eit opptak til å jobbe vidare med ideologiane kommunisme, fascism og nazisme eller det kan fungere som ei introduksjonsøkt for å setje stemninga før ein går i gang med undervisning om mellomkrigstida. Eg vil skissere opplegget i to deler. Den eine delen er ei lærarrettleiing som inneholder kompetanse mål, mål, korleis ein skal gjennomføre og eventuelle utfordringar ein kan få i møte med dette undervisningsopplegget. Den andre delen vil vere ein elevversjon. Den inneholder kva elevane sjølv skal vite at dei skal lære og kva som er målet med økta. Vidare har elevversjonen kjelda vedlagt og spørsmål som elevane skal jobbe med knytt til denne.

Lærarrettleiing

1. Kva vil du oppnå med dette undervisningsopplegget, kva skal elevane lære og kvifor skal dei lære dette?

Det eg vil oppnå med dette undervisningsopplegget er at elevane skal utvikle kompetanse i kjeldekritikk og at elevane får kunnskap i ideologiar og demokratiundervisning. Vidare vil eg at elevane skal forstå korleis historie blir til og at historie er konstruert. Då må dei få trening i kjeldekritikk forstått som kjeldebruk og tolking. I det skisserte opplegget ønskjer eg å vere med på å fremje ei utforskande historieundervisning. Ein metode for å oppnå dette er å stille opne spørsmål. Dette kan ein mellom anna gjøre ved å la elevane konstruere ein opphavssituasjon, som igjen kan vere ei god øving i å klare å sjå historiske samanhengar. Denne metoden er utforskande og kan forhåpentlegvis vere med på å gje ei nysgjerrig tilnærming til historiefaget. Dette kan igjen vere med på å skape djupnelæring.

I undervisningsopplegget skal elevane få kjennskap til det noko av det ideologiske mangfaldet i mellomkrigstida gjennom å lese ei avisside der dei sjølve skal konstruere opphavssituasjonen. Dei skal få kjelda utan noko anna informasjon og skal konstruere så mykje som mogleg ved hjelp av ei tekstramme. Eg har tatt utgangspunkt i ramma laga av Erik Lund¹²², men har spesifisert spørsmåla opp mot det konkrete kjeldemateriale som elevane skal granske. Kjelda elevane skal få utdelt er ein del av ei avis kalla «valgbomben», som vart sendt ut i samband med stortingsvalet i 1924. Dei skal lese eit fengselsbrev frå Eugene Olausen og eit utklipp der overskrifta er: «Norges kommunistiske ungdoms førere går i fengsel». Spørsmåla elevane får skal samla konstruere opphavssituasjonen. Denne typen spørsmål tvinger elevane til ei anna type lesing: Dei må gå inn på leiting etter spor som kan gje indikasjoner på opphavssituasjonen, noko som også førar til at innhaldet må tileignast og tilarbeidast.¹²³ Her koplar ein altså saman ei utprøvingsfase der elevane får prøve ut kunnskap, samstundes som dei får tileigna ny kunnskap.¹²⁴

Ved å arbeide med denne kjelda er det også eit mål at elevane skal få vidare innsikt i at all historie er konstruert og at all historie er ei form for tolking. Deira tolking av denne kjelda, vil derfor også vere ein historisk konstruksjon. I heilklassesamtalen etterpå vil dette vere noko ein må drøfte saman. Det er også interessant om elevane klarar å konstruere opphavssituasjonen noko «riktig» eller om dei ikkje får dette til: Kva var det som gjorde at elevane trakk dei slutningane dei gjorde? Kva var lett å finne ut av og kva var meir utfordrande? Alt dette kan nyttast til å gjennomføre ein større refleksjon kring kjeldekritikk.

Av sentrale kompetanse mål etter Vg3 ut i frå fagfornyinga, vil desse vere særleg sentral i dette undervisningsopplegget:

- 1) Utforske fortida ved å formulere problemstillingar, finne, vurdere og bruke ulikt materiale og presentere eigne slutningar.
- 2) Gjere greie for tankar og ideologiar som har lege til grunn for politiske omveltingar frå opplysningstida til i dag og vurdere betydninga av desse for menneskes moglegheiter til demokratisk deltaking.
- 3) Reflektere kring korleis ideologiar og tankesett på 1900-talet og fram til i dag har bidratt til undertrykking, terror og folkemord som holocaust.¹²⁵

¹²² Lund, *Historiedidaktikk. En håndbok for studenter og lærere*, 109.

¹²³ Lund, *Historiedidaktikk. En håndbok for studenter og lærere*, 109.

¹²⁴ Kirsti Klette. Hva vet vi om god undervisning? Rapport fra klasseromsforskningen.

¹²⁵ Utdanningsdirektoratet. «Læreplan i historie – fellesfag i studieforberedende utdanningsprogram» (HIS01-03), 6. Henta 22.04.2020.

2. Korleis skal opplegget gjennomførast og kvifor er innhaldet og denne forma blitt valt?

Undervisninga startar med at læraren presenterer kva som skal gjerast i denne økta. Etter introduksjonen deler læraren ut kjelda og lar elevane lese denne åleine. Elevane blir vidare satt saman i grupper på 3-4 og får då utdelt spørsmåla. Etter elevane har svart på spørsmåla, skal dei setje seg i nye grupper, med ein frå kvar av dei tidlegare gruppene (såkalla «regnbogegrupper»), for å dele innanfor nye grupper korleis dei har tolka innhaldet. Denne økta med fokus på utforskande samtalar er ein metode for å differensiere, ved at elevane skal dele relevant informasjon, utfordrar idear, vurderer bevis og alternativ for å så prøve å bli einige saman.¹²⁶ Sidan dei må vidare i regnbogegrupper må dei også hugse kva gruppa har kome fram til saman, for så å gjenfortelje med eigne ord. Etter dette skal det gjennomførast ein heilklassesamtale, der læraren tek opp ulike døme på korleis elevane har løyst oppgåva. Timen avsluttast med at læraren fortel om kor kjelda er frå, kven som har skreve den og kvifor denne kjelda er valt i ein konsoliderande heilklassesamtale kring kjeldekritikk og historisk konstruksjon.

Dette undervisningsopplegget er laga fordi kjeldekritikk er og blir ein sentral del av historiefaget. Her er eg sterkt inspirert av Sam Wineburg og hans forsking på viktigheita av kjeldekritikk i ei verd med uavgrensa mediemangfald og der både vaksne, barn og ungdom nyttar mykje tid på internett.¹²⁷ Det er om mogleg enda viktigare i dag å ha god kunnskap om kjeldegranskning. I staden for å lære elevane faktainformasjon om NKP eller mellomkrigstida først, er det å presentere elevane for ei primærkjelde og la dei dra eigne slutningar, ein god metode for at elevane skal forstå at historie er konstruert. Nokre lærarar fokuserer nok på «grunnleggjande bakgrunnskunnskap» først, før dei går inn på nye tema: Men ein slik måte å innhente kunnskap på, ved til dømes kanskje berre fokusere på kva som står i lærebøkene, er nok truleg ikkje det som baner veg for kritisk tenking.¹²⁸ I undervisningsopplegget vil eg at elevane kan få tileigne og utprøve kunnskap om kjeldekritikk gjennom å sjå på ei kjelde. Med dette ønskjer eg å gjennomføre ei økt med utforskande historie for å skape ei kjeldekritisk medviten. I historiefaget sine kjerneelement i fagfornyinga er dette eit av dei sentrale trekka: Elevane skal kunne tolke, innhente og bruke historisk materiale.¹²⁹

¹²⁶ Havekes, Aardema og de Vries. *Active Historical Thinking: designing learning activities to stimulate domain-specific thinking*.

¹²⁷ Wineburg, Sam. *Why Learn History (When It's Already on Your Phone)*.

¹²⁸ Wineburg, Sam. *Why Learn History (When It's Already on Your Phone)*, 82.

¹²⁹ Utdanningsdirektoratet. «Læreplan i historie – fellesfag i studieforberedende utdanningsprogram (HIS01-03)», 3. Henta 22.04.2020.

3. Kva er dei største utfordringane og korleis kan dei eventuelt løysast?

Ei utfordring med dette undervisningsopplegget kan vere ulike forkunnskapar. Denne utfordringa vil forsøkast å bli løyst ved at elevane arbeider i grupper. Dette ut i frå Vygotsky sine kjernetankar kring at læring er sosialt vilkårsbunde og at læring går føre seg gjennom dialog og samhandling.¹³⁰ Ved at elevane først skal lese kjelda åleine, gir ein kvar enkelt moglegheita til å danne eigne slutningar. Etter dette, når dei blir satt saman i grupper, kan ulike forkunnskapar blant elevane bli brukt som ein ressurs til at dei kan hjelpe kvarandre: Slik kan elevane på sett og vis kanskje vere kvarandre sine stillas og då vil det potensielle utviklingsnivået bli høgare.¹³¹

Det er også ei moglegheit at elevane absolutt ikkje klarar å plassere denne hendinga. Det er lite sannsynleg at nokon har høyrt om Eugene Olaussen før, men det er kanskje mogleg at mange har høyrt om NKP før. Derfor er utklippet om den kommunistiske ungdommen tatt ut i frå sjølve avisa og forstørra. Dette for å prøve å modellere.

Ved å stille spørsmålet: «Kvífor har dette dokumentet blitt til», opnar ein for elevane sine eigne refleksjonar kring motivet bak denne artikkelen. Her kan nokre evne å reflektere større og meir nyansert enn andre. Til slutt, etter gruppearbeidet, vil vi arbeide i ein heilklassesamtale. Der kan vi trekke ein del slutningar saman som klasse. Forhåpentlegvis vil fleire sitte att med ein del felles refleksjonar.

Elevversjon:

Kompetansemål:

- Utforske fortida ved å formulere problemstillingar, finne, vurdere og bruke ulikt materiale og presentere eigne slutningar.
- Gjere greie for tankar og ideologiar som har lege til grunn for politiske omveltingar frå opplysningsstida til i dag og vurdere betydninga av desse for menneskes moglegheiter til demokratisk deltaking.

¹³⁰ Mikkelsen, Rolf og Fladmoe, Henrik. *Lektor-adjunkt-lærer. Artikler for studiet i praktisk-pedagogisk utdanning*, 114-115.

¹³¹ Mikkelsen, Rolf og Fladmoe, Henrik. *Lektor-adjunkt-lærer. Artikler for studiet i praktisk-pedagogisk utdanning*, 115.

- Reflektere kring korleis ideologiar og tankesett på 1900-talet og fram til i dag har bidratt til undertrykking, terror og folkemord som holocaust.¹³²

Mål for timen: De skal gjennomføre eit utforskande kjeldearbeid, der de skal rekonstruere opphavssituasjon.

Spørsmål til kjelda:

- 1) Kva slags dokument kan dette vere?
- 2) Kva handlar dokumentet om?
- 3) Kor gammalt trur de dette dokumentet er?
- 4) Kvifor har dokumentet blitt til?
- 5) Kven er det som har skreve dette? Kva finner du ut om denne personen? Kva kan vi anta om forfattaren?
- 6) Kvar kan det vere frå?
- 7) Verker det som at forfattaren har god greie på det han/ho uttaler seg om?
- 8) Korleis skal vi kunne kontrollere desse opplysningane?

Kjeldearbeid.¹³³

*) Uthevet her!

Norges kommunistiske ungdomsførere går i fengsel.

Javel! Vi har hisset til oprør og kamp, vi forbrat oss mot „lov“ og mot „rett“. Javel. Men vi har ikke angret vår synd, og vi har ikke tigget og bedt om en milder straff enn vi fikk!

Nei, spar de belærende fraser og ord, for vår ungdom er stokdøv for dem. Vi blåser i Eders „rettfærdige“ dom, den skal drive oss videre frem!

Vi er stolte av det vi har gjort.

Javel. Vi har skrevet plakaten: „Slå til“. Og det var ikke ord på en lapp. Vi mente hvert ord og når vi slippet ut far vi fikk påny hvor vi slapp. Leve revolusjonen!

¹³² Utdanningsdirektoratet. «Læreplan i historie – fellesfag i studieforberedende utdanningsprogram» (HIS01-03), 6. Henta 22.04.2020.

¹³³ RGASPI_495_178_39_3.

Kjelder

Det russiske statsarkivet for sosial og politisk historie, RGASPI, Moskva:

NKPs arkiv: fond 495, opis 178, delo 3, 16, 24, 25, 26, 27, 29, 30, 31, 32, 33, 35, 36, 39, 42, 45, 46, 53, 54, 60.

Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek, ARBARK, Oslo:

Trykte kjelder:

Bestlutninger vedtatt på Norges kommunistiske partis annet landsmøte i Oslo den 31. mai til 2. juni 1925. Undomstrykkeriet, Oslo, 1925.

Protokol for Norges kommunistiske partis annet landsmøte i Oslo den 30. mai til 2. juni 1925, Ungdomstrykkeriet, Oslo, 1925.

Norges kommunistiske parti – seksjon av det 3dje internasjonale. Beretning:

Novemberlandsmøtet i 1923 til landsmøtet i mai 1925. Arbeidernes aktietrykkeri, Oslo, 1925.

Den kommunistiske Internasjonale Taktik. Retningslinjer vedtatt på den 5te Verdenskongres og N. K. P s Landsstypes Resolution om Kongressens Beslutninger. Utgit av N. K. P., Andelsforlaget Ny Tid, Oslo, 1925.

Norges kommunistiske parti. Det ekstraordinære landsmøte 1923. Protokol. Kristiania Ungdomstrykkeriet, 1924.

Aviser og pamfletter:

Norges Kommunistblad, utgåvene fra 5. november 1923 – til 2. juni 1925.

Hansen, Arvid. «Hvad vil N. K. P.» – Norges kommunistiske parti -. Andelsforlaget Ny Tid, Kristiania, 1924.

Olaussen, Eugène. «Hvorfor er vi internasjonale?» Andelsforlaget Ny tid, Kristiania, 1924.

Fagfornyinga: Læreplan og overordna del

Utdanningsdirektoratet, «Læreplan i historie- fellesfag i studieforberedende utdanningsprogram» (HIS01-03).

Utdanningsdirektoratet, «Overordnet del – verdier og prinsipper for grunnopplæringen».

Utdanningsdirektoratet, «Hva er nytt i historie».

Litteraturliste

- Andresen, Astri, Rosland, Sissel, Rymin, Teemu, Skålevåg Svein Atle (2012). «Å gripe fortida. Innføring i historisk forståing og metode.» Det norske samlaget. Oslo.
- Andersen, Ingrid Lillehagen (2005). «Norges røde hjelp 1924-1937: NKP og forsøkene på å etablere en frontorganisasjon i Norge». Hovedoppgave. Universitetet i Oslo.
- Bjørgum, Jorunn (2004). «Hvorfor ble Arbeiderpartiet splittet i 1923? En kommentar til Åsmund Egge». Historisk tidsskrift, BIND 83. Universitetsforlaget.
- Bjørnhaug, Inger (1975). «Jernstreiken og arbeiderbevegelsen», Oslo.
- Carr, Edward Hallett (1982). “The Twilight of Comintern 1930-35”. London.
- Courtois, Stephane, Titlestad, Torgrim, Fanebust, Frode, Antonio, Elorza (2019). «REVOLUSJONENS BARN. Politiske utopiers makt i Norge: Venstresiden mellom demokrati og diktatur 1911-2018». Omnibus. Stavanger.
- Degras, Jane (ed.). (1971). “The Communist International 1919-1943”. Documents, Vol 3. London.
- Dokken, Bjørn Erik (2008). «NKPs antikrigsarbeid 1923-1939. Fra partistiftelsen til den tysk-sovjetiske ikke-angrepsparken». Masteroppgave IAKH. Universitetet i Oslo.
- Egge, Åsmund (1995). «Komintern og krisen i Det norske Arbeiderparti». Universitetsforlaget. Oslo.
- Egge, Åsmund (2003). «Hvorfor ble Arbeiderpartiet splittet i 1923?». Historisk tidsskrift, BIND 82. Universitetsforlaget.
- Egge, Åsmund (2004). «Tilsvar til Jorunn Bjørgum og Finn Olstad». Historisk tidsskrift, BIND 83. Universitetsforlaget.
- Egge, Åsmund og Halvorsen, Terje (2002). «.... kriteriet på en kommunist er hans forhold til Sovjetunionen» De norsk-sovjetiske partirelasjoner 1917-1991. Arbeiderhistorie 2002.
- Gentile, Emilio (2000). “The Sacralisation of Politics: Definitions, Interpretations and Reflections on the Question of Secular Religion and Totalitarism”. I Totalitarian Movements and Political Religion, vol 1, no. 1.
- Gjerde, Åsmund Borgen. «Enhetsfront». Publisert: 14. februar 2009. <https://snl.no/enhetsfront>
- Grant, S.G., Grandwell, Jill M.(2010). “Teaching History With Big Ideas. Cases of ambitious Teachers”. Rowman & Littlefield Education. Plymouth.
- Grieder, Peter (2007). “In Defence of Totalitarism Theory as a Tool of Historical Scholarship”, i Totalitarian Movements and Political Religion, vol 8, nr 3-4.
- Havekes, Harry; Aardema, A.; de Vries, J. (2010). «Active Historical Thinking: designing

learning activities to stimulate domain-specific thinking.” I Teaching History 139. The Historical Association.

Halvorsen, Terje (1996). «Mellom Moskva og Berlin». Falken Forlag. Oslo.

Hansen, Elin (2006). «NKP og Komintern under den tidlige fasen av Kominterns «tredje periode» 1927-1930». Hovedfag i historie. Universitetet i Oslo.

Hegna, Maren (1997). «Intellektuelle strebere og mindretallskommunister i bolsjeviseringsens tid; Mot Dag og NKP i samhold og konflikt». Hovudoppgåve, UiO.

Hegna, Trond. *Sitat i overskrift*. Intervju i Kontrast 5/1971 ved Hans Fredrik Dahl og Einhart Lorenz. En av dei fremste Sovjetvennen i norsk arbeidarrørsle i 1920-åra.

Holtsmark, Sven G (1999). «Gullet fra Moskva. Sovjetisk pengestøtte til norske kommunister 1927-1990». Oslo.

Kaiser, Daniel H (1987). «The Workers’ Revolution in Russia 1917. The view from below”. Cambridge University Press. Cambridge.

Kjelstadli, Knut (1999). «Fortida er ikke hva den en gang var: En innføring i historiefaget.» Universitetsforlaget.

Klette, Kirsti (2013). «Hva vet vi om god undervisning? Rapport fra klasseromsforskningen.» I R. J.Krumsvik & R. Säljö (red.), *Praktisk pedagogisk utdanning: En antologi* (s. 173-200). Bergen: Fagbokforlaget.

Lippe, Just (1963). «Noregs Kommunistiske Partis historie», bind 1, Norges Kommunistiske Parti, Oslo.

Lorenz, Einhart (1983). “Det er ingen sak å få partiet lite”. Pax forlag A.S, Oslo.

Lund, Erik (2016). «Historiedidaktikk. En håndbok for studenter og lærere». Universitetsforlaget. Oslo

Mathisen, Eva Marie Meling (2008). “Kvinnepolitikk og kvinnearbeid i Norges kommunistiske parti (NKP) 1923-1930». Masteroppgave IAKH. Universitetet i Oslo.

Mathiesen, Eva Marie Meling (2009). «Husmorkommunisme Kvinnepolitikk i Norges Kommunistiske Parti i 1920-åra.» Arbeiderhistorie 2009.

Maurseth, Per (1987). «Gjennom kriser til makt: (1920-1935)», i A.Kokkvold & Jakob Sverdrup (red), Arbeiderbevegelsens historie i Norge, bind. 2. Oslo: Tiden.

McDermott, Kevin og Agnew, Jeremy (1996). «The Comintern. A History of International Communism from Lenin to Stalin». Macmillian Press LTD, London.

Mikkelsen, Rolf og Fladmoe, Henrik (red.) (2009). «Lektor- adjunkt- lærer. Artikler for studiet i praktisk-pedagogisk utdanning». Universitetsforlaget. 2. utgave, 2013. Oslo.

Narinsky, Mikhail og Jürgen Rojahn (red.) (1996). “Centre and Periphery: The History of

Comintern in the Light of New Documents". International Institute of Social History, Amsterdam.

Olstad, Finn (2004). «Tradisjon og fornyelse. Tilsvar til Åsmund Egge». Historisk tidsskrift, BIND 83. Universitetsforlaget.

Pauley, Bruce (2009). "Hitler, Stalin and Mussolini. Totalitarianism in the Twentieth Century". Wheeling.

Petersson, Fredrik (2007). "Historiographical Trends and the Comintern – The Communist International (Comintern) and How it has been Interpreted", Comintern Working Paper.

Rojahn, Jürgen (1996). "A Matter of Perspective: Some Remarks on the Periodization of the History of the Communist International", i Mikhail Narinsky og Jürgen Rojahn, Centre and Periphery: The History of Comintern in the Light of New Documents, International Institute of Social History, Amsterdam, 35.

Rønning, Ole Martin (2000). "NKP, Komintern og forsøkene på å etablere et "Labour Party" i Norge årene 1925–26". Hovudfagsoppgåve i historie, Universitetet i Oslo.

Rønning, Ole Martin (2002). «Norsk-russiske forbindelser i mellomkrigstiden. Noen trekk ved den norske virksomheten i Russland». Arbeiderhistorie 2002.

Rønning, Ole Martin (2004) «Norges Kommunistiske Partis presse». Arbeiderhistorie 2004.

Rønning, Ole Martin (2010). "Komintern kaderskoler og Norges kommunistiske parti 1926–1949". Doktoravhandling i historie, UIO, Oslo.

Sundwald, Eirik Wig (2017). «Arbeiderpartiet og klassekrigen. Striden om Moskva-tesene i 1920 i en internasjonal kontekst.» Universitetet i Agder.

Sørensen, Øystein (2010). «Drømmen om det fullkomne samfunn». Aschehoug. Oslo.

Sørensen, Øystein, Hagtvet, Bernt og Steine, Bjørn Arne (red.) (2011). «Ideologi og terror: totalitære ideer og regimer.» Dreyers forlag. Oslo.

Sørensen, Øystein, Hagtvet, Bernt og Brandal, Nik (2013). «VENSTREEKSTREMISME. Ideer og Bevegelser.» Dreyers forlag. Oslo.

Sørensen, Øystein og Brandal, Nik (2018). «Det norske demokratiet og dets fiender 1918–2018.» Dreyers Forlag. Oslo.

Wilhelmsen, Mathias (2019). «Tre partiers kamp om arbeiderne. Det norske arbeiderpartis, Norges kommunistiske partis og Norges socialdemokratiske arbeiderpartis valgkamp ved stortingsvalget i 1924.» Masteroppgåve IAKH. Oslo.

Wineburg, Sam. (2018). «Why Learn History (When It's Already on Your Phone)". The University of Chicago press, Chicago and London.